

# Årsrapport 2020

 BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



*DAGLEG BØN I KORONATID. Kvardagar kl 12 vart det i tida 17. mars – 11. mai sendt bøn med andakt og musikk frå ulike kyrkjer i bispedømet. Her ser vi sokneprest Signe Sandberg og biskop Halvor Nordhaug i Mariakirken.*

*Foto: Bjørn Olav Hammerstad*



# Innhold

|  |    |
|--|----|
| I: Tilstandsrapport frå leiarane .....                                       | 1  |
| II Introduksjon til bispedømet og hovudtal .....                             | 3  |
| Organisasjonsstruktur/organisasjonskart .....                                | 4  |
| 2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2020 .....                    | 5  |
| 2 B. Volumtal 2016-2020.....   | 6  |
| 2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen .....                                      | 6  |
| III: Aktivitetar og resultat i 2020.....                                     | 7  |
| 3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin .....                          | 7  |
| 3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar .....                               | 9  |
| 3.B.0 Medlemsutvikling.....  | 9  |
| 3.B.1    Gudstenesteliv .....  | 9  |
| 3.B.1.1 Gudstenester.....  | 10 |
| Djupdykk i digital kyrkje - Mange tek del frå den digitale kyrkjebenken..... | 13 |
| Vurdering av den digitale vendinga.....                                      | 14 |
| 3.B.1.2 Vigsler.....   | 16 |
| 3.B.1.3 Gravferder .....   | 16 |
| 3.B.1.4. Samisk språk i gudstenester .....                                   | 16 |
| 3.B.2    Dåp og trusopplæring .....  | 17 |
| 3.B.2.1. Dåp.....  | 17 |
| 3.B.2.2 Trusopplæring .....  | 19 |
| 3.B.2.3 Konfirmasjon .....   | 22 |
| 3.B.3    Kunst- og kultur.....   | 24 |
| 3.B.3.1 Kultur .....   | 24 |
| 3.B.3.2 Opne kyrkjer .....   | 25 |
| 3.B.4    Kyrkje og samfunn .....   | 25 |
| 3.B.4.1 Diakoni.....   | 25 |
| 3.B.4.2 Inkluderande kyrkjeliv .....   | 29 |
| 3.B.4.3 Trus- og livssynsdialog .....  | 30 |
| 3.B.4.4 Kyrkja på nett.....  | 30 |
| 3.B.4.5 Kyrkja i det offentlege rommet.....                                  | 33 |
| 3.B.4.6 Samarbeid mellom kyrkje og skule.....                                | 36 |
| 3.B.4.7 Vern om skaparverket – grønne kyrkjelydar.....                       | 37 |
| 3.B.5. Rekruttering og frivillig teneste .....                               | 37 |
| 3.B.5.1 Frivillig teneste .....  | 37 |

|  |    |
|--|----|
| 3.B.5.2 Barne- og ungdomsarbeid .....                                | 38 |
| 3.B.6. Bemanning, presteskap og administrasjon .....                 | 41 |
| 3.B.6.1 Vigslinger.....  | 41 |
| 3.B.6.2 Trivsel i jobben .....                                       | 41 |
| 3.B.6.3 Presteteneste.....   | 42 |
| 3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd.....                  | 43 |
| 3.C.1 I biskopens søkelys .....                                      | 43 |
| 3.C.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov ..... | 43 |
| IV: Styring og kontroll i verksemda.....                             | 45 |
| Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll .....        | 45 |
| 4.A. HMT/Arbeidsmiljø.....   | 45 |
| 4.A.1 Arbeidsmiljø .....   | 45 |
| Andre tiltak .....   | 47 |
| 4.B. Likestilling .....  | 48 |
| 4.C Vurdering av mislighetsrisiko .....                              | 49 |
| V: Vurdering av framtidsutsikter .....                               | 50 |
| VI: Årsrekneskapen.....  | 52 |
| 6. 1 Leiingskommentarar.....   | 52 |
| Vedlegg .....  | 56 |

# I: Tilstandsrapport frå leiarane

---

I 2020 vart mykje svært annleis enn det vi var vande med. Den grunnleggjande tilliten i vårt samfunn er ein ressurs som særleg blir synleg i kriser. Kyrkja er ein viktig del av dette. Kyrkjelege medarbeidarar, lønna og ulønna, har vist fram ei kyrkje som er tilliten verdig. Dette året har mange vist stor evne til omstilling, kreativitet og stå på-vilje. Kyrkjelydane har måtta flytta aktivitet frå dei vande fysiske møtepunkta til å vere kyrkje på ulike digitale verktøy. Vi har alle prøva og feila, og lukkast. Det har vore mange endringar med kort horisont, ut frå ei kriseforståing. Samstundes som det har blitt ei lang maratonreise. Kva blir den nye normalen er eit stort og viktig spørsmål. Nokre av lærdomane frå dette året er det verdt å ta vare på. Korleis skal vi sikre at vi ikkje fell tilbake til det vande? Korleis fortsette å utvikle ei landsdekkjande folkekyrkje som klarer å vere nær folk med den gode bodskapen?

Dette året har handla mykje om å auka den digitale kompetansen, både for tilsette og medlemmane. Det har også skapt nye kulturar for betre samhandling. Mange saknar fysiske møte, men digitale møte har synleggjort eit potensial for betre forankring og gode prosessar. Geografi har ofte vore med å avgrense kontakt mellom dei ulike aktørane, men vi opplever at veksling mellom fysiske og digitale møtepunkt kan auke kvaliteten i samspelet. Dette gjeld òg på kompetansetiltak. Det digitale fungerer særleg godt når ein kan oppretthalde dialogen, og spele på kjennskap og relasjon, for å skreddarsy nivået på kursa. Det opnar for meir dynamisk samspel og ei god utvikling der kompetanse og idear blir delt.

Avlysing av gudstenester har vore krevjande, både for tilsette og kyrkjelyd. Tal på kor mange ein kunne samla har skifta fort. Det har blitt laga digitale tilbod med stor variasjon i verkemiddel. Nokon har satsa på det enkle og nære, med suksess. Andre har lagt ned mykje ressursar og bygd opp kompetanse både på det tekniske, på innhald og form. Det vart arrangert Drive-in-gudstenester, vandregudstenester og bålpanne-gudstenester. Det å strøyma ganske vanlege gudstenester har opna rommet for nye grupper. Nokon spela inn kreative gudstenester, andakter og bibeltimar og var aktive på sosiale media. Nokre er blitt sett av svært mange, og har fått mange følgjarar. Det har òg vore stor vilje til å auke mengda på gudstenester fordi ein berre har kunna samla få. Delar av bispedømet har stor kompetanse på å vere få på gudsteneste, og har etterspurt liturgiske modellar for dette over tid. Bjørgvin har tidlegare hatt eit arbeid på "å vere kyrkje i griskrendte strok". Noko av dette arbeidet er det vel verdt å sjå nærare på no.

Samstundes har kyrkja vore lojal mot smittevernstiltaka ut frå solidaritet og for å verne dei mest sårbare. Det er særleg på det diakonale området at ein har strevd med å finne gode tiltak som ikkje er fysiske. Mange har ringt rundt og hatt omsorg via telefon eller på andre måtar.

Vi har valt å skrive noko meir i årets årsrapport enn vanleg. Det kvantitative materialet gjev oss ikkje tilstrekkeleg hjelp til å tolke resultatata, eller til å sjå kvar gullet er. Vi treng nokre av dei kvalitative forteljningane for å få hjelp til å gjere rette val med tanke på kva som er nyttig lærdom å ta med vidare.

Særleg vil vi peike på kva forteljningane seier om å legge til rette for ulike målgrupper: Utdeling av Mi kyrkjebok ved bål-gudsteneste tilrettelagt for borna ved at det er nokre kjende aktivitetar før gudstenesta, i staden for etter. Grep som skapar tryggleik, og som senkar tersklane. Invitasjon til å vandre ei trusopplæringsløype. Ein metode ein har gjort med konfirmantar mange gonger, men som no blir allemannseige ved at foreldre og born kjem saman. Bok eller helsing som blir levert heime, eller som ein kan hente på eit tre ved kyrkja. Den einskilde blir sett. Konfirmasjonsgudstenester med færre

til stades, kortare liturgi, gav høg kvalitet på å sjå den einskilde. Det gav ei truverdig oppleving av å bli verdsett ikkje berre i ord, men og i handling.

Tilrettelegging ved å også ha eit digitalt rom å gå inn i, opnar for dei som har ulike grunnar som hindrar for deltaking, anten det er psykiske eller fysiske årsaker.. Det gjeld både ved gudstenester og kyrkjelege handlingar. Mange set pris på å kunna delta heimefrå når vener eller familie deltek, medan ein sjølv har grunnar som hindrar ein i å vera fysisk til stades. Korleis kan vi skape rom for at dette kan bli varige endringar? Det handlar då om struktur, ressursar og endringsvilje. Målet er tilbod med kvalitet som er berekraftige over tid.

Bjørgvin bispedøme har dei siste åra satsa på gudsteneste, ungdom og diakoni. Bispedømet vil dei komande fire åra satsa særleg på dåp, ungdom og frivillig teneste. Den nye strategien som er vedteken trur vi og står seg i møte med å skape den nye normalen etter pandemien:

#### **Kyrkja i Bjørgvin vil i perioden 2021 – 2024 særleg arbeide for at**


- 1. Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å**
  - styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
  - formidle at trua er ei gåve som ein mottek i dåpen
  - invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva
- 2. Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan**
  - vere – og finne trygge og gode møteplassar
  - skape – og bruke sine eigne kulturelle uttrykkformar
  - bere - og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd
  - tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap
- 3. Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å**
  - inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i frivillig teneste
  - nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfølging
  - fremje gjevarteneste
- 4. Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å**
  - la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
  - fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
  - utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet
- 5. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å**
  - møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
  - samverke med lokale aktørar
  - vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling

#### **Kyrkja i Bjørgvin vil nå sine mål ved å vere:**

- Open
- Synleg
- Nær

Bergen, 15. mars 2021

  
Vemund Atle Øiestad  
bispedømerådsleiar

  
Halvor Nordhaug  
biskop

## II Introduksjon til bispedømet og hovudtal

---

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av *lov om tros- og livssynssamfunn, kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet*.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «**Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd**».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Pilegrim
- Misjon
- Diakoni

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i byar, tettstadar og griskrendte strok av bispedømet.

I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 2020 176 sokn med tilhøyrande sokneråd<sup>1</sup>. Det er 43 kommunar og med det 43 kyrkjelege fellestråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

---


<sup>1</sup> Aurland har felles sokneråd for fire sokn som har felles statistikk, så i praksis er det 173 einingar.

I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.20 tilsett 166 prestar og prostar i 168,4 årsverk, av desse er 154 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 14 personar i 13,8 årsverk. To medarbeidarar i tillegg til dette har Felles økonomieining for Den norske kyrkja som arbeidsgjevar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med Vestland fylke med til saman 638821 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 285601 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 71,5 prosent<sup>2</sup> er kyrkjemedlemer i Bjørgvin mot 68,3 prosent i snitt for heile landet.

## Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



---

<sup>2</sup> Ordninga med tilhøyrande medlemer (ikkje døypte born av medlemer) er avvikla. Medlemer er dei som er døypte.



## 2 A. Nøkkeltal for bispedømmet pr. 31. desember 2020

| Prosti                       | Sokn       | Medl.<br>(døyppte) | Inn-<br>byggjar-<br>tal | Med-<br>lems-<br>prosent | Inn-<br>melde | Ut-<br>melde | Endringar i<br>medl.tal<br>2018-2019 | Endringar<br>i medl.tal<br>2019-2020 |
|------------------------------|------------|--------------------|-------------------------|--------------------------|---------------|--------------|--------------------------------------|--------------------------------------|
| <b>11</b>                    | <b>176</b> | <b>457464</b>      | <b>638821</b>           | <b>71,53%</b>            | <b>275</b>    | <b>1782</b>  | <b>-0,62%</b>                        | <b>-0,59%</b>                        |
| <b>Bergen domprosti</b>      | 6          | 43720              | 324006<br>*             | 65,17%                   | 26            | 279          | -1,1%                                | -0,75                                |
| <b>Fana</b>                  | 7          | 72203              |                         |                          | 40            | 259          | 0,04%***                             | -0,02%                               |
| <b>Åsane</b>                 | 11         | 50196              |                         |                          | 40            | 195          | -1,1%                                | -0,51%                               |
| <b>Bergens-<br/>dalen</b>    | 9          | 45020              |                         |                          | 35            | 255          | -0,9%                                | -0,09%                               |
| <b>Sunn-<br/>hordland</b>    | 23         | 46996              | 59775                   | 78,62%                   | 23            | 134          | -0,7%                                | -1,1%                                |
| <b>Nord-<br/>hordland</b>    | 13         | 29314              | 37816                   | 77,52%                   | 21            | 80           | 0,5%                                 | -0,09%                               |
| <b>Vest-<br/>hordland</b>    | 10         | 51156              | 68258                   | 74,95%                   | 35            | 156          | -0,1%                                | -0,44%                               |
| <b>Hardanger<br/>og Voss</b> | 27         | 34618              | 43636                   | 79,33%                   | 24            | 101          | -0,5%***                             | -0,63%                               |
| <b>Sogn</b>                  | 26         | 23088              | 28814                   | 80,13%                   | 12            | 161          | -0,9%                                | -0,83%                               |
| <b>Sunnfjord</b>             | 17         | 36266              | 76516<br>**             | 79,92%<br>**             | 8             | 111          | -0,8%                                | -0,56%**                             |
| <b>Nordfjord</b>             | 27         | 24887              |                         |                          | 11            | 51           | -0,9%                                |                                      |

Tala viser talet på medlemmer (utan tilhøyrande). Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja. Talet på sokn er endra på grunn av samanslåingar frå 182 til 176, men likevel berre 173 einingar fordi fire sokn i Aurland har felles kyrkjestyre og er ei eining.

\* Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Bjørnafjorden, Fusa og Osterøy

\*\* Kinn kommune er delt mellom Sunnfjord og Nordfjord prosti, difor er innbyggjartalet slått saman

\*\*\* I 2019 vart Fusa overført frå Hardanger og Voss til Fana prosti. Korrigert for dette, var det i 2019 ein ørliten oppgang i medlemstalet i Fana, og ein redusert nedgang i Hardanger og Voss i høve til tala for 2018.

## 2 B. Volumtal 2016-2020

|                                     | 2016*  | 2017   | 2018   | 2019             | 2020   |
|-------------------------------------|--------|--------|--------|------------------|--------|
| <b>Dåpshandlingar</b>               | 4809   | 4448   | 4238   | 4001**<br>(4073) | 3465   |
| <b>Døyppte</b>                      | 4674   | 4355   | 4107   | 3984             | 3282   |
| <b>Konfirmerte</b>                  | 5488   | 5254   | 5215   | 5108             | 4942   |
| <b>Kyrkjelege vigslar</b>           | 899    | 885    | 842    | 748              | 558    |
| <b>Kyrkjelege gravferder</b>        | 4264   | 4190   | 4228   | 4214             | 4189   |
| <b>Gudstenester totalt</b>          | 8362   | 8252   | 8375   | 8161             | 6797   |
| <b>Gudstenestedeltakarar totalt</b> | 775018 | 744375 | 734833 | 722416           | 320596 |

Alle tal er kvalitetssikra tal når det ikkje står noko anna.\* Korrigert for feil tal i Olsvik 2016

\*\* Dåpstala i Medlemsregisteret (MR) er for låge på grunn av etterregistreringar i følgje Kyrkjerådet. Førebels tal på dåpshandlingar rapportert frå prostane er 4062.

## 2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen





|  | 2018    | 2019    | 2020    |
|--|---------|---------|---------|
| <b>Tal årsverk</b>                       | 179     | 182     | 184     |
| <b>- del av dette som er presteneste</b> | 163     | 167,7   | 169,2   |
| <b>Samla tildeling budsjettgr. 1A 1)</b> | 148 444 | 152 674 | 150 636 |
| <b>Netto driftskostnadar</b>             | 146 886 | 154 078 | 147 893 |
| <b>Del løn av driftsutgifter</b>         | 92,0 %  | 90,9 %  | 93,4 %  |
| <b>Del løn brukt i prestenesta 2)</b>    | 84,0 %  | 83,4 %  | 86,0 %  |
| <b>Lønsutgifter per årsverk</b>          | 755     | 772     | 751     |

Beløp er i heile tusen kroner. Det er berekna nye tal for 2018-2019 sidan førre årsrapport. Tal for del løn av driftsutgifter og lønsutgifter inkluderer personalkostnadar.

# III: Aktivitetar og resultat i 2020


## 3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

| Strategiske mål   |   |  |   |
|---|---|--|---|
| <b>1. Gudstenestelivet blømer</b>                           | Oppslutninga om gudstenestene aukar                         | Gjennomsnitt søndag går ned frå 90 til 49  | ↓ |
|   | Gudstenestetilbodet vert halde oppe                         | Talet på gudstenester går ned frå 8161 til 6797  | ↓ |
|   | Fleire vel kyrkjeleg vigsel                                 | Nedgang frå 748 til 558  | ↓ |
|   | Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe         | Tal på kyrkjeleg gravferd i prosent av døde, gjekk tilbake frå 90,9 til 87,9   | ↓ |
| <b>2. Fleire søker dåp og trusopplæring</b>                 | Oppslutninga om dåp vert halden oppe                        | Færre døypte. Vi har ikkje lenger tal for del døypte av tilhøyrande  | ↓ |
|   | Auke i omfanget av trusopplæringstilbod                     | Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått ned frå 216,3 til 171,2 timar.  | ↓ |
|   | Auke i oppslutninga om trusopplæringa                       | Det er auke i nokre utvalde tiltak i trusopplæringa - 48 % til 52 %, men tala er ikkje heilt samanliknbare med tala frå 2019 | → |
|   | Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe               | Ned frå 87 % til 86 % av døypte 15. åringar som blir konfirmerte   | ↓ |
| <b>3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet</b> | Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarr.      | Det er ein nedgang i konsertar og kulturarr. frå 1849 til 831.   | ↓ |
|   | Fleire opne kyrkjer   | Talet på sokn med opne kyrkjer auka frå 67 til 83.   | ↑ |
| <b>4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet</b>                 | Fleire kyrkjelydar med diakonal betening                    | Auke i talet på sokn med diakonal betening frå 70 til 76   | ↑ |
|   | Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg        | Kyrkjelydar som har integreringsarbeid har gått ned frå 39 til 24.   | ↓ |
|   | Arbeidet med religionsdialog blir styrka                    | Kirkelig dialogssenter i Bjørgvin har jamn drift.  | → |
|   | Kyrkja sitt digitale nærvær aukar                           | Auke i talet på økter og unike brukarar på nettsidene og følgjarar på facebook   | ↑ |
|   | Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rommet. | Reduksjon i ein del offentlege arrangement, men Sunnivaseglas og – festival gjennomført.                                     | → |
|   | Samarbeidet mellom kyrkje og skule blir styrka.             | Tal på skulegudstenester gått ned frå 421 til 125  | ↓ |

|  |   |   |   |
|--|---|---|---|
| <b>5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid</b> | Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka     | Biskopen har ordinert 2 prestar og vigsla to diakonar ein kantor  |  |
|  | Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja | Tal på frivillige går ned frå 12163 til 10005   |  |
|  | Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben           | Sjukefråvær 4, 78 for alle tilsette. Dette er ei auke frå i fjor.   |  |
|  | Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrka          | Talet på deltakarar på tilbod for 13 – 17 år går tydeleg ned, medan det har vore vekst i kontinuerleg tilbod og leiarkurs for aldersgruppa 18-30 år |  |

## 3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar<sup>3</sup>

### 3.B.0 Medlemsutvikling



Medlemsprosenten har gått ned frå 72,30% i 2019 til 71,53% i 2020

Totalt har medlemstalet gått ned 2726, det er 0,59% ned frå 460.190 i 2019 til 457.464 i 2020. Det er færre innmeldingar, 275 mot 329 i 2019, og færre utmeldingar, 1782 mot 2443 i 2019. Det er rimeleg å anta at nedgangen skuldast det var ein topp i 2019 fordi det var valår. Det er ikkje sporbare endringar som skuldast pandemien. Det einaste prostiet som har hatt tydeleg auke i talet på utmeldingar er Sogn prosti der det var ei sak om kvinneleg presteneste som førte til at nesten dobbelt så mange melde seg ut som året før, 161 mot 87.

### 3.B.1 Gudstenesteliv

#### Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje

Bjørgvin er det største bispedømet med 176 sokn og det bispedømet i landet som har flest gudstenester sjølv i koronatida med 6797 gudstenester, 1600 meir enn nr to på lista. Også når det gjeld deltaking er Bjørgvin størst med 320 596, 38 000 meir enn nr to. Samstundes er Bjørgvin eit bispedøme med ein stor by og mange små sokn på bygdene slik at gjennomsnittstal gjev eit dårleg bilete av tilhøva, og statistikken viser at utviklinga er ulik i byen og på bygdane. Det ser ut som den folkekyrkjelege oppslutninga om gudstenesta er sterkast på bygdane, sjølv om det er vanskeleg å måla i desse tider.

<sup>3</sup> Hovudkjelder for data i rapporten er kyrkjelydane si rapportering til Statistisk sentralbyrå (SSB), medlemsregisteret for Den norske kyrkja (MR) og to undersøkingar utført av Rambøll Management Consulting av den digitale aktiviteten i Den norske kyrkja i tida 13. mars til 15. juni og 16. juni til 31. desember 2020 (Rambøll 1 og 2).

Den klaraste indikatoren for den folkekyrkjelege oppslutnaden i 2020 er dei høge deltakartala på digitale gudstenester og sendingar.

### 3.B.1.1 Gudstenester

**Strategisk mål: Gudstenestelivet blømer**

**Resultatmål 1: Vekst i talet på deltakarar per gudsteneste**

#### *Indikator 1a: Gudstenedeltaking*

Som tabellen viser følgjer Bjørgvin den nasjonale trenden for gudstenedgang under koronapandemien, men nedgangen er minimalt større fordi Bjørgvin har lege over den nasjonale trenden tidlegare. At nedgangen i talet på gudstenester er mindre skuldast truleg at det har vore mange dåpsgudstenester med deltaking berre frå dåpsfamiliane.

|                          | Gudstenester på søn- og helgedagar |       |                        | Deltakarar på søn- og helgedagar |         |                         | Gj.snittstal deltakarar |      |                         |
|--------------------------|------------------------------------|-------|------------------------|----------------------------------|---------|-------------------------|-------------------------|------|-------------------------|
|                          | 2019                               | 2020  | Endring                | 2019                             | 2020    | Endring                 | 2019                    | 2020 | Endring                 |
| <b>Bjørgvin (Landet)</b> | 6 341                              | 5 394 | <b>-15 %</b><br>(-16%) | 571 337                          | 265 726 | <b>-53 %</b><br>(-52 %) | 90                      | 49   | <b>-45 %</b><br>(-43 %) |
|                          | Alle gudstenester                  |       |                        | Deltakarar alle gudst            |         |                         | Gj.snittstal deltakarar |      |                         |
|                          | 2019                               | 2020  | Endring                | 2019                             | 2020    | Endring                 | 2019                    | 2020 | Endring                 |
| <b>Bjørgvin (Landet)</b> | 8 161                              | 6 797 | <b>-17 %</b><br>(-20%) | 722 416                          | 320 596 | <b>-56 %</b><br>(-55%)  | 89                      | 47   | <b>-47 %</b><br>(-44%)  |

Det har vore ein jamn nedgang dei siste åra og stor nedgang siste år. Likevel er gjennomsnittstalet på 49,3 på fysiske søndagsgudstenester relativt høgt i og med at det delar av året var ei grense på 20 og det var mange dåpsgudstenester med færre deltakarar.

|                                       | 1998  | 2008  | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---------------------------------------|-------|-------|------|------|------|------|------|------|------|
|                                       |       |       |      |      | *    |      |      |      |      |
| <b>Gjennomsnitt søndag</b>            | 103,5 | 100,1 | 99,4 | 98,6 | 96,3 | 92,6 | 91,0 | 90,2 | 49,3 |
| <b>Gjennomsnitt alle gudstenester</b> | 97,4  | 89,8  | 94,2 | 92,5 | 93,1 | 90,2 | 87,8 | 88,4 | 47,2 |

*\*korrigert for feil tal i Olsvik i 2016, så det er høgare enn SSB-talet*

### *Fleire deltakarar på digitale enn på vanlege gudstenester*

SSB-tala viser at det vart rapportert 336 strøyma gudstenester i Bjørgvin med 178 524 einingar (pc, mobiltelefon, nettbrett) som hadde kopla seg på og såg minst 85% av sendinga. Dersom ein føreset at det berre var ein deltakar per elektronisk eining vert gjennomsnittet 531 deltakarar per gudsteneste. Rambøll-tala viser endå høgare deltaking, 502 digitale gudstenester med 342566 deltakarar gjev eit gjennomsnitt på 682.

Dette er eit høgt deltakartal og truleg er det høgare fordi det er i mange tilfelle er to eller fleire som ser saman. Samstundes er talet så høgt at det er mistanke om dobbeltrapping frå samarbeidande kyrkjelydar, eller at ein har talt facebook-treff i staden for deltakarar. Likevel viser det klart at det er fleire som koplar seg på dei digitale sendingane enn dei som før gjekk til gudsteneste.

Stikkprøver som er gjort på strøyma gudstenester viser at deltakartalet som følgjer direkte sendinga held seg stabilt gjennom gudstenesta. Dette er rimeleg fordi dei som klikkar seg inn på ei gudsteneste veit kva dei får og vert verande. Talet på digitale deltakarar tilsvarar eller overgår talet på faste kyrkjegjengarar i den kyrkja. Dette tyder på at strøyma gudstenester når ut til dei faste kyrkjegjengarane, det som i medlemsundersøkinga for Den norske kyrkja blir kalla «den grønne gruppa». Dette er positivt fordi det er med på å ta vare på dei faste ved å gje dei høve til å delta i si lokale kyrkje og det vil truleg vera denne gruppa som fyrst kjem tilbake til fysiske gudstenester. I tala ser ein også ein tendens til høgare deltakartal, særleg på spesielle gudstenester. Dette kan tolkast som om ein når ut til den gule gruppa, som ikkje er så ofte på fysiske gudstenester. Strøyma gudstenester og digitale opptak senker terskelen for å delta på gudsteneste, og det er lettare å sjå på heimanfrå og eventuelt på dei delane ein er interessert i ved opptak. Dette viser at digitale gudstenester er ein eigen arena og ikkje må tenkast som korkje eit supplement eller eit surrogat, men ein eigen arena for å vera kyrkje ved at ein tar kyrkja inn i heimen.

### *Nattverd*

|                                   | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   | 2020  |
|-----------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|-------|
| <b>Gudstenester med nattverd</b>  | 4229   | 4417   | 4388   | 4485   | 4474   | 2384  |
| <b>Nattverdsdeltakarar</b>        | 157308 | 159950 | 158303 | 157086 | 157020 | 70309 |
| <b>Gj.snitt nattverddeltaking</b> | 37,2   | 36,2   | 36,1   | 35,0   | 35,1   | 29,5  |

Både nattverdsgudstenester og nattverddeltakarar er om lag halvert fordi ein halve året ikkje kunne ha nattverd utan restriksjonar. Gjennomsnittet har og gått ned fordi ein på grunn av restriksjonar hadde færre til gudsteneste og den eldre generasjon som er flittigast nattverddeltakarar har halde seg unna gudstenester på grunn av smittefare.


## Resultatmål: Gudstenestetilbodet vert halde oppe

### Indikator 2: Gudstenestefrekvens søn- og helgedagar

|                                 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019# | 2020 | Endring i prosent 2019-2020 |
|---------------------------------|------|------|------|------|-------|------|-----------------------------|
| <b>Tal gudstenester søndag</b>  | 6461 | 6484 | 6446 | 6419 | 6356  | 5394 | -15 %                       |
| <b>Gudstenester andre dagar</b> | 2008 | 1878 | 1806 | 1956 | 1804  | 1403 | -22 %                       |
| <b>Gudstenester Totalt</b>      | 8469 | 8362 | 8252 | 8375 | 8160  | 6797 | -17 %                       |

#Tala i denne tabellen er justert i forhold til offisielle tal frå SSB/NSD, det viser seg at dei førebelstala som vart bruka tidlegare år alle er lågare enn det endelege talet.

Talet på fysiske gudstenester har totalt gått ned med 17 prosent frå 8160 i 2019 til 6797 i 2020. Dersom ein legg til dei 502 digitale gudstenestene som er meldt inn i Rambøll-rapportane vert talet for fysiske og digital gudstenester 7299, noko som er ein nedgang på 10,5 prosent.



Blant desse 502 digitale gudsteneste er det både direkte sendte vanlege høgmesser og opptak av gudstenester utan kyrkjelyd. Inntrykket etter samtalar med prostane og observasjon av gudstenester på nettet er at det vanlegast er forkorta gudstenester eller nokre gudstenesteledd, salme og preike. Mange sendte konfirmasjonsgudstenester direkte så familiar og gjester som ikkje kom i kyrkja kunne følge med. Det var og store produksjonar, særleg til jul og påske. Nokre laga mediegrupper med frivillige, medan andre leigde inn kompetanse. Det tekniske nivået varierte frå opptak med mobil til fleirkameraproduksjonar med innlagt tekst.



## Djupdykk i digital kyrkje - Mange tek del frå den digitale kyrkjebenken

Då kyrkjene stengde såg vi i bispedømet mange som heiv seg rundt, som om Jesus skulle ha bedt dei om å hiva ut garnet på andre sida, og sette i gang med ulike kreative tiltak og fekk vist nye talentar,

| Prosti                   | SSB<br>Kyrkje-lydar som strøyma | SSB<br>Strøyma gudstenester | SSB<br>Strøyma gudstenester Deltakarar | Rambøll 1+2<br>Digitale Gudstenester | Rambøll 1+2<br>Digitale Gudstenester Deltakarar | Rambøll 1+2<br>Andakt/preiker/bøn | Rambøll 1+2<br>Andakt/preiker/bøn Deltakarar |
|--------------------------|---------------------------------|-----------------------------|--|--------------------------------------|---|-----------------------------------|--|
| <b>BJØRGVIN</b>          | <b>67</b>                       | <b>336</b>                  | <b>178524</b>                          | <b>502</b>                           | <b>342566</b>                                   | <b>946</b>                        | <b>330141</b>                                |
| <b>Bergen domprosti</b>  | 4                               | 19                          | 9016                                   | 33                                   | 29178   | 80                                | 31831  |
| <b>Fana</b>              | 4                               | 41                          | 13184                                  | 30                                   | 12065   | 125                               | 46134  |
| <b>Åsane</b>             | 9                               | 35                          | 12007                                  | 67                                   | 66472   | 155                               | 65578  |
| <b>Bergensdalen</b>      | 5                               | 36                          | 31832                                  | 52                                   | 21185   | 55                                | 29135  |
| <b>Sunnhordland</b>      | 12                              | 108                         | 10777                                  | 108                                  | 72312   | 109                               | 74774  |
| <b>Nordhordland</b>      | 8                               | 23                          | 83384                                  | 22                                   | 46301   | 54                                | 39716  |
| <b>Vesthordland</b>      | 8                               | 30                          | 12004                                  | 69                                   | 47342   | 71                                | 1206   |
| <b>Hardanger og Voss</b> | 7                               | 28                          | 3418                                   | 40                                   | 9778  | 70                                | 16726  |
| <b>Sogn</b>              | 3                               | 5                           | 1330                                   | 11                                   | 2144  | 52                                | 859  |
| <b>Sunnfjord</b>         | 1                               | 1                           | 168                                    | 43                                   | 21971   | 101                               | 9882   |
| <b>Nordfjord</b>         | 6                               | 10                          | 1404                                   | 27                                   | 13818   | 74                                | 14300  |

For å vurdera omfanget av den digitale kyrkja må data hentast frå fleire statistikkar som har ulike spørsmålsstilling. Merknadsfeltet i SSB-statistikken viser at gudstenester er blitt ført på ulike måtar og at terminologien ikkje er oppfatta likt, t.d. at ein har oppfatta "strøyma" gudstenester som berre direkteoverførte medan andre har ført både direkteoverførte og opptak. Nokon har ført deltakarane i det vanlege gudsteneste-deltakarfeltet, andre ikkje.

### Ein av tre kyrkjelydar laga digitale gudstenester

Av 176 sokn er det 67 i SSB-tala (100% svar) som har hatt ei eller fleire strøyma gudstenester medan Rambøll-tala (66% og 61% svar) viser at 67 har digitale gudstenester i fyrste halvår og 59 i andre halvår. I tillegg er det 45 på våren og 63 på hausten som svarar at dei har samarbeida med andre om digitale gudstenester. Frå prostane sine årsrapportar veit vi at det har vore samarbeid innanfor fellestrådsområde og i nokre prosti hadde dei digitale gudstenestene på omgang eller at ein laga digitale fellesgudstenester. Det var særleg i høgtidene, påsken og jula at kyrkjelydane samarbeida.

Det er stor skilnad på digital aktivitet mellom prostia og mellom kyrkjelydane. Går ein ned i tala viser det seg at det er nokre kyrkjelydar som utmerkar seg. Til dømes er det i Sunnhordland fire kyrkjelydar som står for 79% av sendingane (Rambøll 2-tal). Dei ti ivrigaste i bispedømet står for 53% av dei digitale gudstenestene.

Samtalar med prostar viser at det er skilnad mellom kyrkjelydane i korleis dei møter utfordringa. Nokon sa dei ikkje hadde kompetanse og gjorde lite, andre sett i gang utan kompetanse, med berre mobiltelefon og lærte undervegs. Nokre kyrkjelydar bygde opp eigen kompetanse, kjøpte inn utstyr og lærte opp tilsette eller frivillige, andre gjorde seg avhengig av å leiga inn kompetanse. Vår vurdering er at det er dei som bygde eigen kompetanse som er best stilt for framtida. Det beste er der dei lokalt har nytta høvet til å involvera frivillige. Ein stad laga dei mediegruppe for konfirmantar som strøyma gudsteneste. Ein prost sa: «*Ingen tilsette kunne dette, men når dei spurte om hjelp viste det seg at det var nokon som ville hjelpa til alle stader*».

### *Digitale gudstenester når fleire*

Skulle ein operert med gjennomsnittsdeltaking på digitale gudstenester ville det bli 531 i følgje SSB-tal og 682 i følgje Rambøll-tal, og 349 som hørde på sending med berre preike, andakt eller bøn. Sjølv om tala skulle vera kunstig høge, er det svært gode tal og dokumenterer det som 60% av kyrkjelydane seier i Rambøll 2-rapporten: “Vi når fleire med digitale aktivitetar enn med fysiske”.

Medlemsundersøkinga i Borg<sup>4</sup> viser at halvparten av medlemene i aldersgruppa 40-59 ynskjer meir digital kyrkje. Inntrykk ut frå tilbakemeldingar til kyrkjelydane tyder på at det same gjeld i Bjørgvin og at digitale sendingar når ut til andre og yngre grupper enn dei som går på tradisjonelle gudstenester.

### *Folk ynskjer lokale digitale gudstenester*

Ut frå samtalar med prestar i bispedømet er det ein tydeleg trend at folk helst vil delta digitalt i si eiga kyrkje og sjå sin eigen prest. Rambøll 2-rapporten understøttar dette, der 69% seier at det er viktig at det digitale arrangementet/gudstenesta er i den lokale kyrkja.

### *Digital arena opnar for breiare tilbod*

Medan det vart sendt 502 gudstenester (Rambøll-tal) har det vorte sendt nesten dobbelt så mykje forkyning i form av preike eller andakt som podkast eller video, 946. Slik har kyrkja vist seg fram med eit breiare tilbod enn berre gudsteneste. Det har skjedd dels fordi det er lettare å produsera, men òg fordi ein opplever at enklare former enn liturgiske gudstenester fungerer og fyller eit behov.

Det viser seg at få sender vanleg høgmesse utan endring. Dei fleste har ei kortare gudsteneste og mange har vald å ha sendingar med minimalt med liturgi, med preike/andakt eller søndagstankar. Dette kan vera ei årsak til at ein når lenger ut, kyrkja viser seg fram med meir variasjon enn høgnessa og legg til rette for at det går an å vera kyrkje på ulike måtar.

## Vurdering av den digitale vendinga

Når vi skal vurdera dei digitale sendingane er det viktig korleis vi tenker om dei. Er det eit surrogat, eit supplement eller er det rett og slett ein måte å vera kyrkje på? Ein må tenka både ut frå medieforståing, generasjonsperspektiv og ekklesiologi / kyrkjeforståing.

---

<sup>4</sup> «Medlemmene ønsker mer digital kirke etter koronaperioden» lest 04.02.2020 på <https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/borg-bispedomme/aktuelt1/medlemmenes%20opplevelse%20av%20digital%20kirke/>

### *Digitalt nærvær er deltaking og ikkje betraktning*

Utviklinga frå analoge til digitale medium og internett gjer oss til deltakarar og ikkje tilskodarar. Forsking viser at det går an å laga tv-gudstenester der ein vert deltakar<sup>5</sup>. Det er likevel lett for kyrkjeleg tilsette å sjå seg sjølv i produsentrolla i ein gamal mediemodell med lineær-fjernsyn. Det som no kjenneteiknar digitale media og internett, som vert kalla Web 2.0, er interaksjon, der det ikkje er ein produsent og ein tilskodar, men deltakarar som vel ut og lagar si eiga digitale oppleving ut frå sin kontekst og gjev respons som t.d. på Facebook som ofte vert bruka til å formidla gudstenester. Ei fersk undersøking av Hodøl og Sæbø stadfester at særleg yngre vil ha meir deltaking: “Seerne ønsker gjenkjennelige og kortere gudstjenester. I tillegg vil de være mer delaktige.”<sup>6</sup> Dette bør ein utvikla vidare så ein kan få meir samhandling og relasjonsbygging i digitale media.

### *Det digitale synleggjer generasjonsskilnadar*

Samtalar med prostane og andre kyrkjevante viser at dei som er vant med gudstenesta sitt fysiske fellesskap og som går regelmessig, lengtar tilbake, men det er ofte ei eldre aldersgruppe. Dei yngre, inkludert konfirmantar, som er vant med å vera til stades på ein digital arena, fortel at dei opplever deltaking på digitale gudstenester. Tilbakemeldingar viser at dei også set pris på andre typar digital deltaking enn berre gudstenester og at dei likar fleksibiliteten til å velja tidspunkt for påkopling. Difor bør ein lytta meir til ungdom og unge vaksne for å finna vegen vidare som kyrkje på ein digital arena.

### *Å vera kyrkje på ein ny måte - deltakar på den digitale kyrkjebenken*

Det ekklesiologiske spørsmål er: Kan ein vera kyrkje på skjerm? Det er heva over tvil at den fysiske gudstenesta med nærvær og nattverd gjev oss “full pakke”, men tala viser at stadig færre vel å delta der. Kyrkja må ta inn over seg at den einskilde kan “vera kyrkje” på ulike måtar gjennom ulike medium og at det har ein gjort gjennom heile kyrkja si historie<sup>7</sup>. Brev frå Paulus formidla fellesskap, omtanke og bøn. Postillen gjorde kyrkja nærverande i husandakten når det var langt til kyrkje. I nyare tid har radiogudstenesta gjort det same. Når nokon set av tid til ei digital gudsteneste, kanskje på hytta ein kveld i påska, då er kyrkja til stades. Då skal ein ikkje tenka på dette som mindreverdige kyrkje, men som ein deltakar på den digitale kyrkjebenken. Og det er truleg lettare å koma tilbake til den fysiske gudstenesta dersom ein har feira si gudsteneste på den digitale kyrkjebenken.

### *Gevinsten ved digitale gudstenester - kva tar vi med oss vidare?*

Det er viktig å ta vare på den fleksibiliteten i gudstenesteformer som vi har sett digitalt, fordi dette har nådd ut til folk. Ulike typar gudstenester, alternative og korte høgmesser som eignar seg både for ein fysisk kyrkjelyd og for strøyming, alternativ bruk av kyrkjerommet med vandringar både utanfor og inni og open kyrkje med tilbod om nattverd er nye tiltak som må bli med oss vidare. Samstundes med at det er komen ny gudstenestebok må ein gje rom for at dette gudstenestemangfaldet held fram.

Det er også blitt vanleg å dela kyrkjelege handlingar gjennom strøyming på nettet, både i dåp og gravferd, slik at familie i andre delar av landet kunne vera med på skjerm. Dette er kome for å bli. Dette må vera med i ei dåpssatsing vidare, fordi dette skapar gode dåpsopplevingar for mange.

---

<sup>5</sup> Hodøl, Hans-Olav; Sæbø, Egil (2016). *Hva er en TV-gudstjeneste?*. Theofilos. 8 (2). s 185 - 201.

[https://theofilos.no/wp-content/uploads/2019/09/2d\\_Academia\\_Hod%C3%B8\\_og\\_S%C3%A6b%C3%B8\\_Hva-er-en-TV-gudstjeneste-Om-TV-gudstjenesten-som-gudstjeneste-og-fjernsynsprogram-og-seeren-som-deltaker-og-betrakter.pdf](https://theofilos.no/wp-content/uploads/2019/09/2d_Academia_Hod%C3%B8_og_S%C3%A6b%C3%B8_Hva-er-en-TV-gudstjeneste-Om-TV-gudstjenesten-som-gudstjeneste-og-fjernsynsprogram-og-seeren-som-deltaker-og-betrakter.pdf)

<sup>6</sup> Hodøl og Sæbø (2021): Ikkje enno publisert undersøking (Kyrkje og kultur 1/21), referert i Dagen 15.03.21

<sup>7</sup> Thompson, Deanna A.(2016): *The Virtual Body of Christ*, Abingdon Press, Nashville

### 3.B.1.2 Vigsler

#### Resultatmål: Fleire vel kyrkjelege vigsler

##### Indikator 3: Talet på kyrkjelege vigsler

|                        | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|------------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| Tal kyrkjelege vigsler | 967  | 1033 | 900  | 882  | 847  | 748  | 558  |

Talet på vigsler har gått ned med 25% frå 748 i 2019 til 558 i 2020. Prostane melder at bak desse tala ligg mange som utsette vigselen fordi koronarestriksjonane gjorde det vanskeleg å ha den bryllaupsfesten dei hadde planlagt. Inntrykket er at prestane har vore på tilbodssida og vist stor fleksibilitet. Tal frå SSB viser at talet på vigsler totalt i Noreg har gått ned med 19 prosent.

### 3.B.1.3 Gravferder

#### Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe

##### Indikator 4: Del kyrkjelege gravferder av talet på døde

|                           | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---------------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| Tal kyrkjelege gravferder | 4395 | 4400 | 4263 | 4185 | 4258 | 4214 | 4189 |
|                           | 93,5 | 91,8 | 88,6 | 90,2 | 90,1 | 90,9 | 87,9 |

Prosent kyrkjeleg gravferd av døde har gått i bølger i fleire år. Ein oppgang i fjor er snudd til ein nedgang til lågaste nivå på nokre år, truleg nokon sinne. Nedgangen er likevel litt mindre enn mellom 2015 og 2016. Det er vanskeleg å slå fast om variasjonane har noko med pandemien å gjere, gravferd har vore moglege heile året, sjølv om det har vore strenge reglar for kor mange som kunne delta på seremonien.

### 3.B.1.4. Samisk språk i gudstenester

#### Resultatmål : Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

##### Indikator 5: Tal på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

Ingen kyrkjelydar i Bjørgvin har med samisk i den lokale gudstenesteordninga.

I 2020 var det tre sokn som rapporterte om gudstenester med samiske innslag mot ni i 2019, seks i 2018, tre i 2017 og fire i 2016. Det er rimeleg at nedgangen skuldast nedgang i gudstenestetalet totalt.

I Bergen er ein Samisk kirkekomite. Den årlege samiske gudstenesta i Mariakirken i Bergen domkirke menighet i desember ved nordsamisk prest frå Nord-Hålogaland vart avlyst på grunn av reiserestriksjonar under koronapandemien.

## 3.B.2 Dåp og trusopplæring

**Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring**

### 3.B.2.1. Dåp

**Resultatmål 1: Oppslutninga om dåp vert halden oppe**

*Indikator 1: Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2021*

| Alder:                | 1 år    | 2 år   | 3 år   | 4 år   | 5 år   |
|-----------------------|---------|--------|--------|--------|--------|
| Medlem og tilhøyrande | -       | 4623   | 5038   | 5492   | 5554   |
| Medlem                | 3682    | 3859   | 4111   | 4550   | 4647   |
| Prosent               | 100,0 % | 83,5 % | 81,6 % | 82,8 % | 83,7 % |

Vi ser at prosenttalet held seg om lag likt frå 2-5 år. Sidan tilhøyrande-ordninga er endra vert det 100% for 1-åringar. Talet på medlemmar i aldersgruppene er lågare ved lågare alder.

| Dåp etter alder for dei som bur i Bjørgvin | Dåp         | Prosent      |
|--|-------------|--------------|
| Barnedåp (0-1 år)                          | 3124        | 95,2 %       |
| Barn elles (2-13 år)                       | 32          | 1,0 %        |
| Konfirmasjonsdåp (14-15 år)                | 115         | 3,5 %        |
| Vaksne (16-44 år)                          | 11          | 0,3 %        |
| <b>Totalt</b>                              | <b>3282</b> | <b>100 %</b> |

I 2020 vart 3282 av dei som bur i Bjørgvin bispedøme døypte. Av desse var 95,2% barnedåp og 3,5% dåp knytt til konfirmasjon. 10 to-åringar vart døypte, og elles er det i snitt to dåp per årskull frå 3-13 år. Av dei over 16 år var to tenåringar, og av dei resterande ni var åtte kvinner.

Av tala her ser ein at det står noko att for å gjere dåp i ulike aldersgrupper alminneleg. Det er krevjande å kompensere for manglande barnedåp med dåp av større barn og vaksne. Haldningsendring tek tid, men omtanke ved bruk av bilete der ein også ser dåp av eldre born og vaksne, og at kyrkjelydane tydelegare informerer om dette på nettsidene, er ein veg å gå. I tillegg kan tiltak av “drop-in-dåp”-karakter skape positiv merksemd om dåp for ulike aldersgrupper.

| Dåp                      | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Oppslutning av 2019 | Endring 2019-2020 |
|--------------------------|------|------|------|------|------|---------------------|-------------------|
| Dåpstal                  | 4809 | 4448 | 4238 | 3984 | 3282 | 82%                 |                   |
| Dåpskull/fødde           |      |      | 6864 | 6745 | 6488 |                     |                   |
| Døypte av fødde          |      |      | 60%  | 59%  | 51%  |                     | -8,5%             |
| Døypte av fødd nasjonalt |      |      |      | 51%  | 43%  |                     | -8,3%             |

Vi ser for 2020 at den gradvise nedgangen på 1-2% per år er blitt til 8 prosentpoeng. Det er no så vidt over halvta av årskullet som blir døypt. Vi har fått mange meldingar om at folk utsette dåpen pga ulike avgrensingar i høve til samling i kyrkja eller for festen i etterkant. Etter som tida gjekk tilpassa ein del seg til dei gjeldande føresetnadane og gjennomførde dåp likevel.

Medlemsundersøkinga viser til ei auka interesse for dåp. For Bjørgvin sin del er det ein auke frå i fjor på fem prosentpoeng til 81% som svarer at dei «ville ha døypt barnet dersom dei fekk eit barn no». Verdt å merke seg er at for “raud gruppe” er auinga på 24 prosentpoeng til 69%. Dei praktiske utfordringane gjer at det likevel ikkje slår ut positivt for dåpsstatistikken for 2020. Dersom vi klarer å nytte momentet kan vi sjå ein auke i dåpsprosenten framover. I så fall må vi levere det foreldre og familie ønsker og treng av kyrkja, og truleg formatere praksis i pakt med verdimålet til bispedømet om å vere nær!

### *Eigne dåpsgudstenester*

Prostane melder at foreldre har gitt positiv respons på eigne dåpsgudstenester. Dei blir opplevd som veldig nære og gode av dei involverte der ein har måtta skreddarsy samlingane for ein eller to familiar. Det har truleg gjort noko med formateringa og at formidlinga er retta klarare inn mot situasjonen og dei som kjem i dåpen. Dei er ofte ikkje så van med liturgi og salmar. Dåpssamtalane har i stor grad blitt gjennomført individuelt, og ein får då til ein betre dialog om tru og undring – og ein har slik kunna møta familiare på ein meir involverande og inkluderande måte ved dåpshandlinga.

At dåpstala i Bjørgvin og på landsplan nærmar seg 50% gjer at folkekyrkja må omstille seg til ei ny røynd. Medlemsundersøkinga viser at vi når brukbart ut til opp mot halvdel av dei i “grøn kategori”, dvs. at dei deltek på kyrkjelege arrangement og tiltak ut over å besøka kyrkjegarden. Mange av kjerneaktivitetane våre er i stor grad tilpassa denne gruppa på drøye fem prosent av medlemsmassen. Prosjektet med å lære borna kva dei er døypt til (til dømes trusopplæringsreforma) må sikte mot breidda av befolkninga og medlemsmassen: Det er “gul gruppe”. Vi må altså i større grad verte ei kyrkje for dei som ikkje tar del i arrangementa vi har i dag og truleg vera meir oppsøkande slik bispedømet har uttrykt det i sin nye strategi der dåpssatsing er det første av fem punkt:

#### **Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å**

- styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
- formidle at trua er ei gåve som ein mottok i dåpen
- invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva

For at dåpen framleis skal vere relevant må vi forkynne kva som blir gitt i dåpen slik at vanlege foreldre (og besteforeldre) kan vere med å ta kvalifiserte val. Så er utfordringa for kyrkja å nå ut med argumenta og kunnskapen om kristen tru og dåp.

### 3.B.2.2 Trusopplæring

#### Resultatmål 2: Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

##### Indikator 2a: Opplæringstilbod i timar (snitt)

|              | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|--------------|-------|-------|-------|-------|
| Tilbod timar | 214,2 | 223,3 | 216,3 | 171,2 |

Grunna pandemien er timetalet for trusopplæringstiltak nokså kraftig redusert for 2020. Vi skulle kanskje trudd at talet hadde gått enda meir ned ved tidvis full nedstenging og samlingsforbod, men det utruleg kva kyrkjelydane har fått gjennomført, og den evna dei har vist til omstilling. Dei fekk erfare at det er viktig å alltid ha reserveplanar, og det har vore bratt læringskurve på digitale arrangement og digital samhandling, og alternative samlingsmåtar elles.

Frå årsrapportar i trusopplæringa blir det meldt om at dei ser gevinstar ved å gjere ting på ein annan måte: *Vi har hatt flere visninger enn hva vi noen gang har hatt i oppmøte på enkelte trosopplærings-tiltak. Det sier oss noe om at vi ikke må slutte med digitalisering når vi starter opp fysiske samlinger igjen. Digitale tiltak kan være et tillegg til det fysiske oppmøte, men kan ikke erstatte fysisk oppmøte.*

Ei tilbakemelding er: *Behovet for deling og utveksling med andre kyrkjer/trusopplærarar er større enn behovet for materiell. Deling av idéar og erfaringar, er utviklande og inspirerande.*

Kyrkjelydane ser at dei må utvide repertoaret: *Vi har blitt utfordra til å tenkje nytt, og det er ikkje alltid at "plan B" har blitt så mykje dårlegare enn "plan A". Oppsummert sagt: **I 2020 måtte vi finne nye måter å være kirke på.***

##### Indikator 2b: Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak

|  | Dåps-<br>samtale | 4 års-<br>bok | 6 års | Tårn-<br>agent | Lys<br>vaken | Konfir-<br>masjon | Året<br>etter<br>konf. | Samla på<br>desse<br>tiltaka |
|--|------------------|---------------|-------|----------------|--------------|-------------------|------------------------|------------------------------|
| <b>Døypte i målgruppe 2020 (inviterte)</b> | 3 259            | 4 117         | 3 674 | 3 118          | 1 800        | 5 741             | 1874                   | 23 583                       |
| <b>Deltakarar 2020</b>                     | 3 191            | 1 608         | 1 013 | 819            | 413          | 4 942             | 254                    | 12 240                       |
| <b>Prosent 2020 av inviterte</b>           | 98               | 39            | 28    | 26             | 23           | 86                | 14                     | 52                           |
| <b>Prosent 2019</b>                        | 103              | 42            | 30    | 29             | 25           | 87                | 8                      | 48                           |
| <b>Prosent 2018</b>                        | 101              | 48            | 31    | 25             | 26           | 88                | 9                      | 48                           |
| <b>Prosent 2017</b>                        | 101              | 48            | 30    | 25             | 27           | 90                | 12                     | 49                           |
| <b>Prosent 2016</b>                        | 107              | 55            | 38    | 30             | 29           | 92                | 10                     | 52                           |

*Målgruppe er døypte i den aktuelle alderen som bur i sokn som hadde tilbod for aldersgruppa i 2020*



Ein kan starte med det positive talet: Det er auke frå 48% til 52% i deltakarprosent. Det som ikkje er så positivt er at det er eit forholdstal, og difor litt mindre nyttig i år. Det er sendt ut færre invitasjonar, og færre enn vanleg har fått tilbodet, men av dei som har fått tilbodet har fleire blitt med. Men “å bli med” kan i denne samanheng også bety at ein har henta ei bok ved kyrkja, fått den levert i postkassen eller på døra.

For å sjå klarare kva endringar det har vore frå 2019 kan ein samanlikne konkret oppmøte og sjå prosentvis endring.

|                | Dåps-samtale | 4 års | 6 års | Tårn-agent | Lys Vaken | Konfimasjon | Etter konf | Totalt |
|----------------|--------------|-------|-------|------------|-----------|-------------|------------|--------|
| <b>2020</b>    | 3191         | 1608  | 1013  | 819        | 413       | 4942        | 254        | 12240  |
| <b>2019</b>    | 3836         | 1953  | 1209  | 1334       | 1253      | 5056        | 253        | 14894  |
| <b>Endring</b> | -645         | -345  | -196  | -515       | -840      | -114        | 1          | -2654  |
| <b>Prosent</b> | -17 %        | -18 % | -16 % | -39 %      | -67 %     | -2 %        | 0 %        | -18 %  |

Det er minst endring i tala for konfirmasjonstida og etter konfirmasjon, og mest for LysVaken og Tårnagent. Januar, februar og starten av mars var normal – og slik skjedde ein del trusopplæring då, og tala frå denne perioden kan også “kamuflere” litt av nedgangen for resten av året.

I eit uvanleg og lærerikt år tek vi med ein del sitat og innspel frå kyrkjelydane sine årsrapportar:

- *Dei store nasjonale tiltaka som Tårnagenthelg og Lys Vaken er store tiltak som i år har vore vanskeleg å gjennomføre.*
- *Eg har og merka eit behov for kortare samlingar, men heller samlast 2-3 gonger.*
- *Hausten var full av utsatte konfirmasjonar mm., så det var ikkje mogleg å finne ei eigna helg til arrangementet.*

4-års: Mykje av utdelingane vart kopla til uteaktivitet og juletida. Askøy melder at: *4-åringene ble invitert til digital samling: JUL MED KRØLLE og TENN LYS-adventsløype rundt Herdla kirke, der de fikk utdelt Min kirkebok 4... Svært vellykket arrangement! Mange barn med familie kom, både i målgruppen, søsken og familie ellers. Løypen gikk utenfor og inni Herdla kirke. En pekepinn på den digitale samlingen: Jul med Krølle: Sett på Youtube:114 ganger - Sett på Facebook: 1130 min (ca 19 timer) - 3 sek-visn: 910.*

6-års: Frå Voss melder dei: – *I staden for å ha "Heilt førsteklasses" inne i kyrkjene hadde me skattejakt utanfor, som hang oppe i to dagar. Borna fekk skattekart og armband med "Du er heilt førsteklasses" i posten. Me var tilstades ved kvar kyrkje i to gitte timar, og dei fleste tok jakta då...Me fekk veldig positive tilbakemeldingar...Dette opplegget kan godt inkluderast i ordinær T6.*

Tårnagent: Frå Osterøy melder dei: – *Uteaktivitet og heimeoppdrag erstatta aktivitetane me plar ha i kyrkjerommet. Tårntur i små grupper blei gjennomført i Hamre kyrkje.*

LysVaken: Stord har denne erfaringa:– *Lys vaken gjennomførte me utandørs med korte samlingar med fleire stasjonar der elevar frå same skule blei invitert samtidig og gjekk i små grupper på stasjonene.*

Eidsvåg fortel: – *Vi inviterte til førjulssamling med juleverksted, pizza og kino der vi så Narnia - Løven, heksen og klesskapet. Dette krevde færre medarbeidere enn "vanlig" Lys våken, samt at det var lettere å holde avstand og andre smittevernsegler.*



Etter konfirmasjonstida: Mange av tiltaka er ambisiøse og forsøker å samle eit heilt konfirmantkull til reunion. Ofte har ein ikkje kapasitet til å få det til, eller så er det få påmeldte og difor blir det avlyst. I 2020 vart mange tiltak avlyst pga Corona, men som fleire skreiv er det lite truleg at det hadde blitt gjennomført uansett.

Noko som kjenneteikna 2020 var utsending av materiell, vandringar, bu-heime-leir og dagsamlingar som tidvis har erstatta leir og opplegg som femna fleire aldersgrupper. Det har òg vore krevjande med frivillig innsats i 2020 då ein del av dei som normalt stiller, er i risikograppa.

Askøy deler denne refleksjonen frå 2020: *Erfaringene våre har vært at familier har tatt godt imot ute-arrangementene våre. Det ser ut som at aktiviteter der familien kan stille med barn i ulike aldre til felles fokus, er et gode. Dette må vi vurdere også i årene som kommer. I de minste menighetene ligger det godt til rette for at vi kan arrangere tiltak for barn i ulike aldre sammen.*

Frå Stryn melder dei: *I år har vi sett betydninga av å bidra til trusopplæring på heimebane for heile årskull som vert invitert til eit trusopplæringstiltak ved å legge ved noko (ein ting, tips til aktivitet, rekvisittar ++) i konvolutten. Slik vert dei også sett dei barna som sjeldan/aldri kjem på samlingane våre, eller når tiltak måtte avlysast. Vi kan òg nå ut til fleire "på heimebane" ved å lage film/legge ut på YouTube etc. Ei god erfaring å ha med seg.*

#### Kartlegging av digital aktivitet i 2020 - tal for trusopplæring.

|                   | Aktivitatar | Digital deltakarar | Snitt deltakarar |
|-------------------|-------------|--------------------|------------------|
| Vår 13.03-15.06   | 470         | 54 525             | 158              |
| Haust 16.06-31.12 | 250         | 28 482             | 116              |

|                    | Digitalt samvær | Digitale deltakarar | Fysisk samvær | Fysisk deltakarar |
|--------------------|-----------------|---------------------|---------------|-------------------|
| Mars (f.o.m 12.3)  | 73              | 8 865               | 7             | 322               |
| April              | 148             | 23 256              | 14            | 411               |
| Mai                | 104             | 13 084              | 27            | 711               |
| Juni (t.o.m.15.06) | 36              | 6 824               | 61            | 1 052             |

*Svarprosent i Rambøll-rapportane er 61 og 66 prosent, så tala kan vera ufullstendige*

Mange digitale tiltak vart sett i verk, ofte i kombinasjon med fysisk oppmøte. Kyrkjelydane gjorde seg erfaringar, det krev ein del å skape godt digitalt innhald - og det fungerer litt ulikt inn mot ulike alderssegment. Dei fekk meir erfaring i å tenke alternative opplegg og kunne også planlegge for det. Signal om betre tider kunne nok vere tveigga – ein planlegg optimistisk, og erfarer at planane likevel ikkje er mogeleg å gjennomføre; og påkjenninga og den ekstra innsatsen medarbeidarane har lagt ned over tid gjer at ein då ikkje lukkast med å få til plan C eller D. I Bønes gjorde dei seg denne erfaringa: – *Mye måtte avlyses i 2020, når ting åpnet litt opp igjen mot sommeren hadde vi en kort periode før og etter fellesferien der noe kunne ha latt seg gjennomføre. men det er ikke lett å hive seg rundt å invitere og sette i gang når alt er såpass usikkert.*

Kvam reflekterer: – *Me har fått gode erfaringar med digitale løysingar for vaksne, men born (særleg dei yngste) er vanskelegare å nå digitalt. Og dei sier vidare at: Me har blitt flinkare å nytta sosiale medier og heimesida vår, og det har gitt resultat. At me har fått mange fleire "følgjarar" vil me nyte godt av framover.*

Kanskje kan ein også oppsummera trusoppføringsåret 2020 slik Hjelme og Blomvåg gjer det: – *Dette året har i alle fall lært oss at vi må vera fleksible. Vi har mange gongar vorte utfordra til å endra planane, også på kort varsel. Dette har nokre gongar utløyst ny kreativitet. Sidan opplegget i planen ikkje kunne gjennomførast, måtte vi tenka nytt. Noko har fungert bra og noko mindre bra. Men det var uansett interessant å sjå at vi hadde litt meir kreativitet i oss. :)*

### 3.B.2.3 Konfirmasjon

#### Resultatmål 3: Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe

##### Indikator 3: Del confirmerte av døypte 15-åringar

| Konfirmerte av døypte 15-åringar | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|----------------------------------|------|------|------|------|------|
|                                  | 92 % | 89 % | 90 % | 87 % | 86 % |

Vi ser ikkje spesielt mykje nedgang i delen confirmerte frå 2019 til 2020. Kullet som blei confirmert i 2020 vart rekruttert i 2019. På vårparten blei det problem med å fullføre undervisninga, og dei fleste konfirmasjonar vart utsett til hausten 2020. Det gjorde at confirmantane gjekk litt "på gras" våren, sommaren og tidleg haust og at det vart problem å få til oppstarten på neste kull. Det er grunn for å følge med på konfirmasjonstalet fordi det er vanskelegare å få ut informasjonen enn før. Ein har gradvis fasa ut confirmantbrosjyren frå nasjonalt hald. Først vart det slutt med fulldistribusjon, så til tilhøyrande og til slutt også frå 2021 til medlemmar. No er det i staden annonsering på SoMe. Det er vanskeleg å vite om endringa fører til færre confirmantar, men det er viktig at den lokale kommunikasjonen til aktuelle confirmantar er god. Framleis er det mest vanleg å confirmere seg i Noreg, kanskje ein skal takke "konkurransen" frå andre tilbod for det. Sidan spørsmålet er meir om *kvar* ein skal confirmere seg, enn *om* ein skal confirmere seg.

I kartlegging av digital aktivitet i 2020 (Rambøll) har ein undersøkt digital confirmantundervisning.

|                   | Svarprosent undersøking | Har hatt digital konf.und. | % sokn med digital konf.und. |
|-------------------|-------------------------|----------------------------|------------------------------|
| Vår 13.03-15.06   | 61%                     | 43 %                       | 40%                          |
| Haust 16.06-31.12 | 66%                     | 25 %                       | 24%                          |

I vårhalvåret var det behov for å få fullføre året som allereie var i gong med digitale arrangement. På hausten var det litt opnare før det gradvis stengte meir ned – mest i Bergensområdet. Ein del stader kunne dei komme godt i gang utan det digitale, men på større stader, med unge frå ulike skular/kohortar hadde ein større problem med oppstarten av nytt confirmantår. I Rambøll-rapporten er det også nemnd litt om fysisk tilrettelegging: I Førde arrangerte dei *fakkeltog med confirmantar*, av smittevernomsyn. Det blir frå ein stad meldt om individuelle samtaler med confirmantar. Det er eit tips vi har formidla for tider det ikkje har vore råd å samlast; det krev ein del tid – men kan opplevast som viktige samtalar.

Dei fleste stader kom dei godt i land med konfirmantåret, men ein del avlysingar og endringar av aktivitetar har det blitt, og mykje omstilling til digitale tilbod. Det var bruk av Zoom, digitale versjonar av konfirmantopplegg (td Delta og Sjømannskirken sitt opplegg), innspeling av undervisning/gudstenester/bruk av film i kombinasjon med oppgåveløysing/spørsmål ein svara på digitalt. Dei største utfordringane har vore avlysing av leir, å lage relevante tilbod i “ventetida” frå mars/eller frå april/mai då konfirmasjonane skulle vore fram til når konfirmasjonane faktisk var.

I ein årsrapport frå trusopplæringa vert det sagt at: – *Konfirmasjonsdatoar kom tett oppi oppstart med nye konfirmantar. Avstand er unaturleg og utfordrande i ungdomsgruppene. Gruppeinndelingar måtte endrast, sidan gruppene måtte bli mindre og mindre utover hausten.*

I evalueringa frå eit anna sokn les vi: – *På generelt grunnlag ser vi at helt vanlige gudstenester ikke treffer konfirmantene så godt, de detter fort ut og sitter igjen med lite. Gudstjenester tilpasset barn og familier, ungdommer og unge voksne, samt egne konfirmantgudstjenester fungerer godt.*

Det bør nok gjerast meir undersøking rundt gudsteneste og målgruppeformatering i høve grøn, gul og også raud gruppe, jamfør medlemsundersøkinga.

Ein del av konfirmasjonsgudstenestene vart korta ned, og ein auka talet på gudstenester for å få færre konfirmantar ved kvar gudsteneste. Mange stadar dobla dei tal på gudstenester. Dette vart travelt for tilsette, men det er også meldt at det vart opplevd nærare med færre til kvar gudsteneste.

### *Strategiske fellestiltak frå bispedømet*

Etter ynskje frå dei sju sokna som utgjer SAMMANKonf.no valde vi å samarbeide med Kirkens nødhjelp om ein stor kick-off for fasteaksjonen 18. mars. Forum scene var hyrt og invitasjon til alle sokn i og rundt Bergen blei sendt ut. Nedstenginga 12. mars gjorde at vi måtte avlyse. I staden for produserte bispedømet ei digital fasteaksjonsgudsteneste frå Askøy med Thor Haavik.

I tillegg til fastegudstenesta tok bispedømet initiativ til å lage fire digitale - “Bjørgvin bispedømeshow”. Det var for å gje eit tilbod til sokna som dei kunne visa for sine konfirmantar.

Det har vore bispedømet sin strategi for å halda oppe talet på konfirmantar å hjelpa kyrkjelydar å laga felles leir “SAMMENkonf.no” med leiartrening inkludert. Grunna pandemi måtte vi snu oss rundt og lage ein ny strategi for å nå ut til sokna med SAMMEN- konseptet. I staden for leir planla vi ei dagshending i Bergen sentrum med base i Grieghallen. Grunna høgt smittetrykk i og rundt Bergen trekte alle sokna seg bortsett frå Arna. Vi tok difor eit enklare konsept til Arna laurdag 16.oktober med seminar for lokale konfirmantar og leiarar i Arna sokn: Tre timar med band, andakt, leirdans og aktivitetar (Hinder for rettferd frå Kirkens nødhjelp). NMSU deltok med informasjon om Giving Tuesday.

## 3.B.3 Kunst- og kultur

### 3.B.3.1 Kultur

#### Resultatmål 1: Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement

##### Indikator 1a: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

|      | Konsertar i eigen regi | Konsertar i regi av andre | Kulturarr. i eigen regi | Kulturarr. i regi av andre | Total |
|------|------------------------|---------------------------|-------------------------|----------------------------|-------|
| 2020 | 444                    | 200                       | 162                     | 25                         | 831   |
| 2019 | 904                    | 561                       | 311                     | 73                         | 1849  |
| 2018 | 911                    | 552                       | 283                     | 106                        | 1852  |
| 2017 | 1108                   | 534                       | 288                     | 105                        | 2035  |
| 2016 | 820                    | 575                       | 290                     | 124                        | 1809  |
|      | 876                    | 518                       | 199                     | 60                         | 1653  |

Det er ei naturleg nedgang i både konsertar og kulturarrangement, både i eigen regi og i regi av andre.

Rambøllundersøkingane viser at kyrkjelydane var noko nølende til å gå i gang med digitale konsertar, men i mai vart det registrert i alt 31.

#### Delmål: Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

##### Indikator 1b: Deltakarar på konsertar og kulturarrangement

|      | Konsertar i eigen regi | Konsertar i regi av andre | Kulturarr. i eigen regi | Kulturarr. i regi av andre | Total  |
|------|------------------------|---------------------------|-------------------------|----------------------------|--------|
| 2020 | 18143                  | 14126                     | 8374                    | 952                        | 41595  |
| 2019 | 77654                  | 93609                     | 24582                   | 5068                       | 200913 |
| 2018 | 83340                  | 93970                     | 26792                   | 8511                       | 212613 |

I mai viser Rambøll- rapporten det maksimale talet på digitale publikummarar for våren; 57193, noko som tydar på at folk er blitt fortrulege med å oppsøkje konsertar på nett. Om hausten finn vi rapportert 215 912 følgjarar på 176 digitale arrangement som inneheld mindre musikalske innslag og salmar, noko som er ein substansiell auke i forhold til dei tala vi finn for våren. Det er tydeleg at digitale deltakarar stort sett ikkje har ro på seg til å følgje ein konsert av vanleg før-corona omfang, så vi ser fleire spesiallaga produksjonar for eit nettpublikum, av kortare lengd.

Særs kreative digitale musikkproduksjonar frå til dømes Bømlo og Fridalen sokn på 17. mai, syner stor omstillingsevne og fagleg kompetanse lokalt. Vi finn eit mangfald av ulike digitale konsertproduksjonar i ei særskildt krevjande tid. Det har vore takhøgda for å eksperimentere i ulike format. Kyrkja sentralt inviterte til laurdagskonsertar på nett frå heile landet, og Bjørgvin bispedøme var representert med orgelkonsert frå Bergen domkyrkje, kunstforedrag og konsert frå Fridalen kyrkje og

Arven frå Vest – jubileumskonsert i Johanneskirken under Sunnivafestivalen. Det var motiverande at Kyrkjerådet valde å investere i eit nasjonal digitalt konsept av høg kunstnarleg kvalitet.

No er tida komen for å finslipe kyrkja sitt særeigne bidrag på den digitale konsertarenaen: Kva innhald og budskap vil vi formidle, korleis involvere aktørar med digital formidlingserfaring, kva er ei klok lengde på innslaga, korleis kan vi nytte det kyrkjelege interiøret og kyrkjerommet sin akustikk medvite aktivt i produksjonane? Her ligg det ei ny verd av skattar og ventar på både stab og friviljuge.

Dei detaljerte rapportane frå Corona-tida om tal på følgjarar og kor lenge dei følgjer med, gir kyrkja ei gullgruve av informasjon som vi må handsame med klokskap når vi no skal opne opp for ein ny kvardag både i kyrkjerom og på digitale sendeflatar.

### 3.B.3.2 Opne kyrkjer

#### **Resultatmål 2: Fleire opne kyrkjer**

##### *Indikator 2: Talet på opne kyrkjer*

Det har vore ein auke i talet på opne kyrkjer, 67 til 83. Etter ei tid med uklåre retningsliner for samvær i kyrkjene, har stadig fleire kyrkjelydar vore aktive i å legge til rette for at mindre grupper/enkeltpersonar sjølv kan få vere i det heilage rommet. Nokre stader vert dette kombinert med tilbod om individuell nattverd.


Vi les i kommentarane for både årsstatistikken og Rambøll-rapporten at aktivitetar som tidlegare vart avvikla innandørs, no har vore flytta ut, - i det heilage landskapet, rundt kyrkja og i lokalmiljøet. Slik har kyrkja blitt synleg og nær på eit heilt nytt vis. Vi kan nemne Påsketidsvandringa Via Lucius initiert frå Sogn prosti, der dei har produsert vassette plakatar for utandørs påskevandring, som er gjort tilgjengeleg for fleire. Det har vore utstillingar til påske og jul i våpenhus, julevandringar, krybbevandringar, pilegrimsvandringar, kystpilegrimsferdar og bilrebusar. Kyrkja sitt tilbod, kyrkja sin marknads plass er utvida, noko som er både utfordrande og spanande og komen for å bli.

## 3.B.4 Kyrkje og samfunn


#### **Strategisk mål: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet**

##### 3.B.4.1 Diakoni

Rambøll-rapportane viser at 1646 ulike aktivitetar hadde til saman 2243 deltakarar på området “*Samfunnsengasjement og fellesskap*”. Dette tyder at kyrkjelydane under corona-pandemien har vore engasjerte med å leggje til rette for og kome medlemmane sine behov i møte. Dette viser seg og i talet på sjelesorgsamtalar.



Pandemien har bidratt til ein solid oppgang i sjelesorgsamtaler. Det tyder på to ting. For det første: Kyrkja er viktig når krise råker oss. Menneska i vår region vil ha samtaler med kyrkja sine tilsette i vanskelege tider. For det andre: Kyrkja i Bjørgvin klarte i 2020 å snu seg rundt og vere fleksible med tanke på å levere et tilbud som var etterspurd – under særns vanskelege forhold.



Ut frå Rambøll 1-rapporten ser vi korleis kyrkjelydane var raskt ute med tilbud om digitale sjelesorgsamtalar. I mars var det over tre gonger så mange digitale sjelesorgsamtalar til samanlikning med ordinære fysiske sjelesorgsamtalar, i april var det over to gonger så mange. Det er naturleg fordi ein ikkje skulle møte kvarandre. Den raske etableringa og igangsettinga av digitale sjelesorgsamtalar bekreftar at kontakten mellom kyrkja og dei som har trong for sjelesorg var god. Det var mogleg å få dekkja behovet for sjelesorg på denne måten fordi ein kjende til kvarandre.

Kyrkja sin eigen krisetelefon Kirkens SOS i Bjørgvin er òg verdt å nemne her. For i løpet av eitt døgn (12. mars) måtte dei leggje om heile si teneste: frå ordinær kontor-drift for både tilsette og frivillige til heimekontor. Ifølgje årsmeldinga til Kirkens SOS i Bjørgvin for 2020 møtte sannsynlegvis tilsette og frivillige om lag 70 personar kvart døgn i alle sine kanalar, på telefon, chat eller via meldingstenesta.

Stiftinga Kirkens Bymisjon i Bergen, som er oppretta av bispedømet og kyrkjelydane i Bergen, nyttar Korskirken som “si” kyrkje i Bergen. Under pandemien har "Open kyrkje" spelt ei viktig rolle for alle dei som ikkje nyttar seg av ulike digitale tilbod og som er heilt avhengige av sjelesorg-samtaler andlet-til-andlet med frivillige eller tilsette i Bymisjonen. Som einaste kyrkje i Bjørgvin bispedøme har denne kyrkja sentralt i Bergen vore open under heile pandemien med biskopen og smittevernfarelege miljø si velsigning. Unnataket er nokre dagar (maks 20) då tilsette var i karantene.

Diakonen i bymisjonen seier det slik: *“Det var under pandemien forventat at innbyggjarane var tilgjengeleg på ulike digitale flater. Men for våre brukarar, som stort sett var gjester frå byen si rus-scene, var ikkje det digitale tilbodet eit alternativ. For våre gjester, mange av dei lever i ein eller annan form for konstant krise, var den opne kyrkja heilt naudsynt. Om det så berre var for eit lite “Hei”, ein kopp kaffi eller djupare sjelesorgsamtaler. Nokre dagar fekk vi ikkje lov til å ha ope meir enn ein time. Men gjennom desse timane har våre gjester fått oppleve at vi som kyrkje, med vårt nærvære, har prøvd å normalisere kvardagen for kvar og ein vi har møtt. Anten dei nytta rus, opplevde einsemd eller berre hadde trong for ein stad å vere.»*

### Diakonale tiltak

| Aktivitatar/tibod for personar som har fått en vanskelig livssituasjon pga Covid-19 (Rambøll 1) |                      |                     |                     |                    |
|---|----------------------|---------------------|---------------------|--------------------|
|   | Digitale aktivitetar | Digitale deltakarar | Fysiske aktivitetar | Fysiske deltakarar |
| Mars (f.o.m. 12.03)   | 7                    | 74                  | 6                   | 19                 |
| April   | 13                   | 58                  | 14                  | 64                 |
| Mai   | 10                   | 128                 | 21                  | 150                |
| Juni (tom. 15.6)  | 6                    | 96                  | 17                  | 102                |

Talet på tiltak virkar lågt på bakgrunn av at media har meldt om studentar, einslege og andre som har fått ein vanskelegare livssituasjon pga covid-19. Dette heng saman med signalet om å ikkje vere saman på fysiske aktivitetar. At dei digitale aktivitetane er låge heng truleg saman med at tilfanget av aktivitetar som kunne nyttast ikkje var så tydeleg, verken for tilsette eller andre på denne tida.

Av dei aktivitetar som vart gjennomført var kreativiteten var stor: Chat med prest eller diakon. Nokre la til rette for digital salmesong/andakter sendt til omsorgssenter. Aktivitetspakkar for born med personleg helsing frå kyrkjelyden. Samtalegrupper med tema livsmeistring og bibelgrupper på nett. I Førde lagde kyrkjelyden oppmuntringspakkar som vart køyrde heim til 13 familiar som normalt får hjelp og støtte frå familiestøtteprogrammet Home Start (diakonalt arbeid for småbarnsfamiliar). I same leia var dei som ordna med utdeling av gåveposar til unge/tenåringar med utviklingshemming.

Mai månad skil seg ut med flest deltakarar, truleg heng det saman med nasjonaldagsfeiring. I perioden juni til desember arrangerte nokre kyrkjelydar fakkeltog med konfirmantar, sjelesorg “on-the-go” (medan ein gjekk i lag på tur delte konfidenten det han eller ho hadde på hjarte med prest eller diakon). Utandørs julevandring var og ein slager i bispedømet dette året.



## Forum for diakonar

For å bidra til refleksjonen om kva kyrkjelydar og diakonane i kyrkja skulle gjere i den akutte situasjonen, initierte diakonirådgjevar ved bispedømekontoret «Fredagspraten» på Microsoft Teams. Første møte var allereie 20. mars 2021. Fram mot sommaren 2020 var det møte kvar veke. På hausten var møtrefrekvensen ein gong i månaden. Det viste seg raskt at møta vart ein effektiv stad å få svar på spørsmål og dele erfaringar og støtte kvarandre.

Bjørgvin bispedømekontor var i samarbeid med Stavanger bispedømekontor og Blå Kors Noreg, med som digital arrangør av nasjonal konferanse om nyskapande ungdomsarbeid kor målet var å bidra til å utvikle treffsikre diakonale og sosiale tilbud til barn og unge, råd for betre nettverk og samarbeid med andre i lokalsamfunnet og metodar for å fange opp unge som fell utanfor på grunn av rus, psykisk helse, eller anna. Fleire hundre tok del i dette webinar. Diakonirådgjevar i Bjørgvin var og med som programleiar under nasjonalt webinar om “Å vere kyrkje i lokalsamfunnet - om ein relevant, engasjert og dristig diakoni for framtida” som Kyrkjerådet arrangerte 22. oktober

## Å vere kyrkje på nye måtar

Pandemien har opna opp nye arenaer som også fungerer som diakonale arenaer. Vi har sett at det har vakse fram «bålpannekyrkjelydar» som har møtt kvarandre til alternative gudstenester og lågterskelaktivitetar. Vi har fått turgrupper for babysong og turgrupper for dei som har tungt å bere. Vi har fått rebusløp og fellesskapsgrupper som har møtt kvarandre på nett. Utfordringa no, er korleis vi skal ta med denne lærdommen og fortsette å vere kyrkje på nye måtar når pandemien er over.

## Resultatmål 1. Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

### Indikator 1: Sokn med diakonal betening

| Sokn | Sokn med diakonal betening |      | Prosentdel sokn med diakonal betening |        |
|------|----------------------------|------|---------------------------------------|--------|
|      | 2019                       | 2020 | 2019                                  | 2020   |
| 176  | 70                         | 76   | 37,4 %                                | 43,2 % |

Tala over sokn med diakonal betening viser oppgang, frå 70 i 2019 til 76 i 2020. Bakgrunnen er at kyrkjerådet løyvde midlar til diakoni og bispedømerådet sitt møte 3. juni 2020 vart det vedtatt at tre fellesråd skulle få midlar til diakonstillingar (bispedømerådet løyver 50 % av stillinga, medan resten av løna må finansierast lokalt).

- Askøy kyrkjelege fellesråd (inntil kr. 400.000,-) til diakonstilling på Askøy
- Alver kyrkjelege fellesråd (inntil kr. 400.000,-) til diakonstilling på Radøy
- Bergen Kirkelige fellesråd fekk inntil kroner 200.000 til diakonstilling som arbeidar med flyktningar og innvandrarar.

### Ei strategisk satsing på diakoni: samarbeid

Bjørgvin bispedømme har og over fleire år arbeidd strategisk med utvikle og å halde saman kyrkjelydsdiakonien og organisasjonsdiakonien. Mellom anna ved å vidareutvikle nettverket “Diakoni i Bjørgvin” som består av representantar frå både kyrkjelydsdiakonien og organisasjonsdiakonien, og ved at diakonien i Bergen i samarbeid med Bjørgvin bispedømme, Kirkens SOS og stiftinga Kirkens



Bymisjon Bergen og tilsette i Bergen kyrkjelege fellelråd har satsa ekstra på «Førstehjelp ved sorg». Denne førstehjelpa er eit femårig tiltak initiert av Kyrkerådet. Denne satsinga er utvida og forankra lokalt i Bjørgvin gjennom satsinga på sorg ein heil månad til ende (oktober) i form av «Sorgmånaden».

2020 var det andre året «Sorgmånaden» vart arrangert. I 2020 var alle arrangementa som arbeidsutvalet for sorgmånaden hadde ansvar for, lagt til Bergen bibliotek. I ein del av arrangementa samarbeidde Sorgmånaden med FN si Internasjonale uke i Bjørgvin, Verdsdagen for psykisk helse og RVTS Vest for å nemne nokre instansar. Sorgmånaden har vore eit strategisk val for bispedømet for å løfte eit mellom-menneskeleg tema som kyrkja har særleg kompetanse på, og for å peike på at vi alle kan bety noko for nokon. Sorgmånaden har også fungert som eit oppspel til Helgemesse (Allehelgen). I 2020 vart det arrangert heile 137 helgemessegudstenester med totalt 7465 deltakarar. Det inneber at kvar gudsteneste hadde 55 deltakarar i snitt i dette pandemi-året. Det må seiast å kunne vere bra under dei høva som var rådande på det aktuelle tidspunktet.

### 3.B.4.2 Inkluderande kyrkjeliv

Bispedømet sitt inkluderingsarbeid for menneske med psykisk utviklingshemming vert leia av prest (deltid) med spisskompetanse på området saman med bispedømet sitt inkluderingsutval og diakonirådgevaren. I dette arbeidet er det og eit samarbeid med diakoniutvalet, og arbeidet har i 2020 vore drifta i samråd med rådgevarane for trusopplæring.

Inkluderingsutvalet har vore med å arrangera inspirasjonssamlingar for kyrkjeleg tilsette, i Loddefjord menighetshus 29. januar og kurs om «sorg og tap» på Bergen off. bibliotek 13. okt. og i Knarvik kyrkje 29. okt.

Eiga konfirmasjonsgudstenesta i Bergen for kullet 19/20 vart gjennomført på godt vis. Nytt kull med 13 konfirmantar i 2 grupper er starta opp.

| Tilbod i kyrkjelyden for menneske med utviklingshemming |      |      |      |
|---|------|------|------|
|   | 2018 | 2019 | 2020 |
|   | 44   | 47   | 42   |

Tilbodet til menneske med utviklingshemming gjekk ned i 2020. Rapportar frå kyrkjelydane bekreftar dette. Inkluderingsprest i Bjørgvin bispedøme Roar Strømme seier det slik: – *I 2020 vart arbeidet med inkludering av menneske med utviklingshemming, og det kyrkjelege arbeidet for og med desse, særleg sterkt råka av nedstenginga under pandemien. Det har og vist seg svært krevjande å arbeide digitalt i forhold til denne gruppa, sjølv om mange kyrkjelydar har vist mykje kreativitet i det stykket. I denne situasjonen har det særleg vore god nytte av det nasjonale, kyrkjelege inkluderingsnettverket, og den utvekslinga av erfaringar og tilfang til arbeidet som har vore der.*

## Resultatmål 2: Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

### Indikator2: Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid

| Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid |      |      |      |
|--|------|------|------|
|  | 2018 | 2019 | 2020 |
|  | 37   | 39   | 24   |

For 2020 rapporterte 24 sokn at dei har tilbod i samband med integreringsarbeid, det er ein nedgang frå 2019 då talet var 39 sokn (om lag 38 % nedgang).

Mykje av dette arbeidet skjer gjennom organisasjonar. Bispedømet har hatt eit samarbeid med “Bergen Internasjonale Menighet” (BIM). Bispedømet støttar også Kristent interkulturelt arbeid (KIA) gjennom OVF, og Bergen kyrkjelege fellesråd fekk i 2020 midlar til ei diakonstilling (kr. 200.000,-) for å satse på flyktningar og innvandrarar.

Kyrkjemøtesaka om kristne migrantar er eit viktig dokument fordi det peiker ut sentrale satsningsområder for kyrkja i denne saka.

Björgvin bispedøme har oppretta «Nettverk for eit fleirkulturelt Björgvin» som består av representantar for kyrkjelydsdiakonien og organisasjonsdiakonien; mellom anna KIA Björgvin, Stiftelsen Kirkens Bymisjon sitt «Empo»-tiltak, Kirkelig dialogsentert i Bergen, Det Norske Misjonsselskap, ungdomstiltaket 13 – 20 og diakonar og sokneprestar i kyrkjelydar i Bergen. Målet med nettverket er å byggje nettverk mellom organisasjonar, kyrkja og migrantkyrkjelydar i Björgvin bispedøme, byggje og dele kompetanse og bidra til at kyrkja i Björgvin i større grad enn i dag gjev rom for at den verdsvide kyrkja kan bli ein realitet – midt i vårt bispedøme. Dette nettverket vil vere viktig i fornya innsats overfor migrantar i Björgvin bispedøme når kyrkja skal opna opp igjen.

### 3.B.4.3 Trus- og livssynsdialog

## Resultatmål 3: Arbeidet med religionsdialog blir styrka

### Indikator 3: Tal på fora for religionsdialog

Björgvin har eitt forum for religionsdialog, Kirkelig dialogsentert Bergen (KDB). Björgvin bispedømeråd anerkjenner det viktige arbeidet senteret gjer i samband med trus- og livssynbasert dialog i vårt bispedøme. Difor auka bispedømet si støtte til senteret i 2020. Arbeidet retta mot livssynbasert dialog med og for ungdom (gjennom tiltaket “Inter”) er noko bispedømet har lagt særleg merke til. Senteret har også starta ny samtalegruppe om tru mellom aust og vest, I 2020 flytta KDB til nye og meir velegna lokalar sentralt i Bergen og fekk ny dagleg leiar: May Bente Matre.

### 3.B.4.4 Kyrkja på nett

## Resultatmål 4: Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

### Kyrkjelydane, nettsider og sosiale medium.

Rambøll 2 rapporten viser at 84 kyrkjelydar, 74 % av dei som svarte, hadde ei aktiv nettside der det blei lagt ut stoff fire gonger i månaden eller meir. Dette er eit noko uklart mål, for små kyrkjelydar kan


t.d. ha ein oppdatert kalender utan å leggja ut stoff fire gonger i månaden. Samfunnet elles legg vekt på digitale kanalar for informasjon og det kan hende det er bruk for auka kompetanse og lokal ansvarsavklaring i det digitale arbeidet. Endå fleire, 90 % av dei som svarte, brukte Facebook, og 22 Instagram og 1 Snapschat. At Facebook skårar høgare enn nettside skuldast truleg at det er lettare å laga og leggja ut stoff frå mobilen og at det er ein kanal mange på.

### Kyrkja og det digitale nærværet

Mange kyrkjelydar har tatt eit langt steg inn på ein ny arena ved å laga innhald som er blitt distribuert digitalt. Sjå også “Djupdykk i digital kyrkje.” s 13. Det har gjeve ny kompetanse både i produksjon, strøyming av gudstenester, involvering av nye grupper frivillige og bruk av sosiale medium. Rambøll 2-rapporten for Bjørgvin viser kyrkjelydane sine erfaringar:

#### Hvordan stemmer påstandene for deres menighet:

Pilen til høyre for grafen viser en sammenligning til totalresultatet for alle menighetene. En rød pil illustrerer at man i mindre grad er enig i utsagnet, mens en grønn pil illustrerer at man er mer enig i påstanden.



Her ser vi at 73% svarte i januar 2021 at dei vil halda fram med digitale aktivitetar (heilt enig eller enig). Dette er ein naturleg konklusjon på dei positive resultatane som vert meldt: 61% seier at

medlemene deltar på digitale aktivitetar og ikkje minst meiner 60% at dei når fleire medlemmer med digitale aktivitetar enn med fysiske. Resultata i Bjørgvin skil seg i liten grad frå dei nasjonale, men i eit bispedøme med mange små sokn er det vert å merka seg at nokon fleire, 71%, understrekar at samarbeid er nødvendig for å få til digitale arrangement og 72% at det trengs for å heva kvaliteten.

Dette tilseier at ein må styrka kompetansen lokalt slik at ein ikkje er avhengig av å leiga inn folk til å stå bak kamera, men kan ha grupper av frivillige i kyrkjelyden. Når berre 32% seier at dei har det dei treng for å tilby digitale aktivitetar og 54% har det ikkje, trengs det meir opplæring. Difor har bispedømet lagt vekt på å auka kompetansen hos rådgjevarane på for å kunna ha større vekt på opplæring med webinar om digitalt konfirmantarbeid og strøyming av gudstenester.

Det vil vera ei utfordring for kyrkjelydane å nå ut til fleire gjennom sosiale medium som gjennom sine algoritmer i stor grad gjev kvar enkelt eit personleg tilpassa utval av saker i «feed-en». Direkte kontakt og avtalar med følgjarar som dela informasjonen vidare i sine nettverk, kan vera ein måte å bøta på dette på. I botn må de uansett liggja eit levande fellesskap og kvalitet som folk opplever som ekte.

#### *Indikator 4: Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.*

| kyrkja.no/bjorgvin    | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|-----------------------|-------|-------|-------|-------|
| <b>Økter</b>          | 43300 | 44000 | 53696 | 67047 |
| <b>Unike brukarar</b> | 23400 | 23979 | 27769 | 34958 |

Bruken av nettsidene aukar med 25 % sidan 2019. Ein grunn kan vera at det har vore meir aktivitet på nettet generelt i 2020. Ein e-post med «Nytt frå Bjørgvin» gjer at vel 1000 faste brukarar får melding om når det er noko nytt, og dei kan då velja om dei vil lesa meir eller ikkje.

Dei mest leste sakene var knytt til coronarelatert innhald: «Bøn i coronatid» var ein dagleg andakt frå kyrkjer i Bergen og ein del andre stader i bispedømet. Dette var ein serie som gjekk alle dagar utanom sundagar kl. 12 i tida 17. mars til 11. mai. Andre sider som var mykje besøkt, var oppdatering på smittevernstatus, ei bøn i Coronatid og sider for kontaktinformasjon. Sida som presenterte det nye bispedømerådet fekk også mykje trafikk inn i 2020, sjølv om den vart publisert i desember 2019.

#### *Følgjarar på facebooksider*

«**Biskop Halvor**» er ein profil som biskopen har hatt sidan 2010. Den har 1020 følgjarar (912 i fjor). I tillegg har han sin meir personlege profil med over 1620 vener (1450 i fjor). I 2020 var det relativt lite aktivitet på Biskop Halvor-profilen, vi brukte Bjørgvin bispedøme sin facebookprofil mest.

Blant dei innlegga som vart **sett mest** finn vi:

1. Ei oppdatering om stengde kyrkjer på grunna av covid-19
2. Ordinasjon av kvinneleg prest i Sogn, innsetting av to prostar og avskil for ein prost
3. Opptak av ein samtale om døden som biskopen var med på

Blant dei innlegga som fekk **flest klikk**:

1. Ordinasjon av kvinneleg prest i Sogn, innsetting av to prostar og avskil for ein prost
2. Henvising til ein artikkel i VL om kvinneprestar sine erfaringar
3. Ei bøn skriven for koronatida

**Björgvin bispedøme** sin eigen facebookprofil hadde ved årsskiftet 736 følgjarar, ein tydeleg auke frå 2019 då den hadde 443 følgjarar.

Det mest sette innlegget var ei henvisning til ein nettartikkel om at kyrkjene var opne for dåp, sjølv om det ikkje var vanlege gudstenester. Dette innlegget hadde også betalt visning, slik at det nådde fleire enn det elles ville nådd. Det var ei rekkje med innlegg frå Sunnivaseglasen og Sunnivafestivalen som mange følgde med på. Andre innlegg, bl.a. frå middagbøn kl. 12 kvar dag og bispedømet sin adventskalender, fekk mest reaksjonar og visningar der det var fleire involverte, gjerne frå andre stader i Björgvin enn Bergen.

### *SoMe-verkstad*

Som oppfølging av den nasjonale konferanse om «Kyrkja i sosial medium» juni 2019, vart det same år arrangert to verkstadar og i februar 2020 ytterlegare to om å vere kyrkje i Sosiale medium, denne gongen i Sunnfjord og Nordfjord.

## 3.B.4.5 Kyrkja i det offentlege rommet

### **Resultatmål 5: Kyrkja er synlig på fleire arenaer i det offentlege rommet**

#### *Indikator 5 a: Presseklipp*

Det vart i 2020 registrert 541 relevante presseklipp på biskop Halvor Nordhaug. Det er ein kraftig auke i høve til 2019 (300 klipp), og litt over tala frå 2018. Biskopen er registrert med 22 ulike lesarinnlegg, men med same innlegg i fleire aviser/på nett, har han 44 lesarinnlegg totalt. Flest oppslag kom i kjølvatnet av strid om tilhøvet mellom prestar som meiner kvinner ikkje skal vera prestar og deira kvinnelege kollegaer, og ein større debatt om korleis kyrkja skal forhalda seg til dette. Covid-19 og følgjene av pandemien for kyrkja var eit stort tema, bl.a. var det mange oppslag på meldinga om at biskopane på råd frå styresmaktene i sa nei til nattverd i kyrkjene i ein periode. Som ein del av studiepermisjonen til biskopen, skreiv han også ei bok «Men hva med de andre?» som fekk mykje omtale og førte til ulike debattar i media

| Presseklipp biskop Halvor Nordhaug 2020                             | KLIPP | PROSENT |
|---|-------|---------|
| <b>Kvinneprestebatten</b>   | 141   | 26      |
| <b>Covid 19 (inkl. forbod mot nattverd i kyrkjene)</b>              | 99    | 18      |
| <b>Men hva med de andre? Omtale og debatt etter biskopen si bok</b> | 72    | 13      |
| <b>Andre teologiske tema</b>  | 33    | 6       |

#### *Indikator 5 b: «På troen løs» - omfang og oppslutning*

Biskopen sin faste arena for samtale, «På troen løs», heldt fram på Litteraturhuset i Bergen. På grunn av smittesituasjonen, vart det berre arrangert ein samtale i 2020 – med Oddny Miljeteig.

På arrangementet blei det delt ut eit spørjeskjema til deltakarane. Tabellen nedanfor viser svar på spørsmåla «Har ikke vært til stede på «På troen løs» tidligere» og «Jeg har ikke noe aktivt forhold til noen menighet». n= svar totalt. For å ha noko å samanlikna med, har vi teke med det siste arrangementet i 2019, ein samtale med Bjørn Eidsvåg.

| Publikum på «På troen løs»       | Første besøk | Ikkje aktiv | n  | Publikum | Nett-avspelingar |
|----------------------------------|--------------|-------------|----|----------|------------------|
| <b>Arrangement</b>               |              |             |    |          |                  |
| 29. januar 2020. Oddny Miljeteig | 29           | 27          | 58 | 112      | 134*             |
| 4. november 2019. Bjørn Eidsvåg  | 54           | 34          | 84 | 135      | 120*             |

\* «Views» i Vimeo

### *Johan Nordahl Brun-prisen*

Utdelinga av Johan Nordahl Brun-prisen er ein årleg arena for eit møte mellom biskopen og publikum. I 2020 vart det lyst ut at kven som ville, kunne foreslå kandidatar til prisen. Det kom inn forslag på 13 kandidatar. Forslagsstillarane var sokneråd og enkeltpersonar. Prisen gjekk til Asbjørn Gjengedal. Han har i tillegg til å vera prest i meir enn 50 år, utført eit stort arbeid i norsk samfunnsliv. Han har vore leiar i Norges KFUK-KFUM og hatt mange tillitsverv i NMS. Lokalt er han ei drivkraft i mange ulike samanhengar. Prisen vart delt ut i samband med ei gudsteneste i Vereide kyrkje i Gloppen 21. juni.

### *Feiring av St. Sunniva langs Vestlandskysten og i Jubileumsbyen Bergen*

I 2020 var det 950 år sidan Bergen by vart grunnlagd, og 7. september var det 850 år sidan leivningane av den irsk-fødde helgendronninga St. Sunniva blei overført frå Selja til Bergen.

I høve desse jubilea vaks det fram eit nettverk av samarbeidsprosjekt mellom ulike menneske og miljø, - oppløfta av framveksten av pilegrimsrørsla, rørte av og begeistra for legenda om St. Sunniva – kongsdottera frå Irland – neppe fødd, men likevel så levande!

Det heile starta med ein engasjert og målretta ambassadør frå Noregs ambassade i Dublin, som dryssa ut døme på folk og miljø som burde møtast... Og vi var fleire som sette i gang:

Bjørgvin bispedøme, Middelalderklyngen og Kirkekunstsamlingen ved Universitetet i Bergen, Christ Church Cathedral Choir i Dublin, kystkultur.no (tidl Kystsogevekene), FN-sambandet, Bergen domkirke menighet/Bergen domkor, St. Paul katolske menighet, Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn, Stad kommune, Selje regionale pilegrimssenter, Bergen kommune/Bergen 950, Bymuseet i Bergen/Museum Vest, Bergen regionale pilegrimssenter, Bergen kystkultursenter, Bergen kystlag, m. fl.

Programmet for festivalen ligg grundig dokumentert på Bjørgvin bispedøme sin nettsider, inkludert ei rekkje opptak. <https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/sunnivafestivalen/>

#### Fysiske arrangement trass pandemien

Det planlagde programmet for festivalen blei i hovudsak gjennomført, til tross for utfordringane med covid-19 restriksjonar.

Alle programpostar, både innan- og utandørs, til lands og til vanns, var underlagd restriksjonar. Det vart difor færre publikum fysisk til stades på hendingane, men di fleire kan no få med seg opptaka som ligg på nettet. Det naudsynte med å få strøyme så mykje som mogeleg av programmet på nett, motiverte oss til å strekkje oss langt for å få dette til, og no ser vi at det var ei klok investering på lang sikt.



Våre irske samarbeidspartnarar, i hovudsak musikarar og songarar, måtte av naturlege årsaker trekkje seg frå prosjektet. Planlegginga av konserten «Arven frå Vest», hovudprosjektet i Bergen, fekk utfordringar grunna pandemien, men opphavskvinne og kunstnarleg prosjektleiar Tove Kragset, takla dette med stor ro, og stor kreativitet. Både utøvarar og publikum var dypt rørt over å kunne kome saman og oppleve stor kunst i Johanneskirken.

I alt 10 kommunar, med kyrkje, skular og kystlag langs Kystpilegrimsleia frå Selja til Bergen, var aktive medspelarar i seglasen. FN - sambandet ga reisa ei ny dimensjon med aktivitetar for skuleungdom kring FN sine bærekraftmål. Ungdomane gav sine anbefalingar til Jubileumsbyen Bergen i brev som vart frakta inne i Sunnivaskrinet og gitt som gåve til ordføraren i Bergen i samband med opninga av Bergen regionale kystpilegrimssenter. Biskopen overrekte ein spesiell kross frå ordføraren i Hyllestad til Bergen by, for synleggjering av kystpilegrimane si innflytelse på Vestlandet, då og no. Vi finn i overkant av 30 presseklipp frå ferda på nettsida sunnivaseglas.no.



*Dei fire unge pilegrimane som følgde Sunnivaskrinet på seglasen frå Selja til Bergen i Eivindvik. Seglasen skapte mange gode møte mellom kyrkje og folk langs heile kysten. Foto: Anine Vieth Mildestvedt*

### Nyskapande innhald

Av urframføringar og nyhendingar under Sunnivafestivalen, kan vi nemne:

- Arven frå Vest med nyskriven musikk av Tove Kragset, nyskreven prolog av Ragnhild Gudbrandsen og Julian Mistic.
- Sporløypa «Finn Sunniva», i Bergen sentrum, som no kan nyttast av store og små i framtida.
- Legende og Røyndom – nylaga kortfilm om Sta Sunniva . Kurator Aashild Grana i samarbeid med førsteamanuensis Alf Tore Hommedal
- SunnivaSeglas langs Kystpilegrimsleia utvikla ein metode for samarbeid mellom kommunar, pilegrimar, skule, kyrkje, kystlag, FN- sambandet og regionale pilegrimssentre.
- Det nyetablerte Bergen regionale pilegrimssenter på Bryggens museum/Bymuséet i Bergen, med økonomiske bidrag frå Vestland fylke, Bergen kommune og Kulturdepartementet (frå 2021)

Publikumstal

Av 17 konkrete hendingar i løpet av festivalen, vart det tatt opptak/strøyma direkte frå 10 evenement. Vi har registrert 869 publikummarar fysisk og så langt 2475 følgjarar på nett.

### 3.B.4.6 Samarbeid mellom kyrkje og skule

#### Resultatmål 6: Samarbeidet mellom skule og kyrkje blir styrka

##### Indikator 6: Tal på barnehage- og skulegudstenester

###### Gudstenester for skuleborn

|                     | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020 |
|---------------------|-------|-------|-------|-------|------|
| <b>Gudstenester</b> | 428   | 413   | 421   | 421   | 125  |
| <b>Deltakartal</b>  | 76398 | 73048 | 73930 | 71644 | 6107 |
| <b>Gjennomsnitt</b> | 179   | 177   | 176   | 170   | 49   |

###### Gudstenester for barnehageborn

|                     | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020 |
|---------------------|-------|-------|-------|-------|------|
| <b>Gudstenester</b> | 230   | 242   | 181   | 174   | 79   |
| <b>Deltakartal</b>  | 15465 | 14128 | 13666 | 13241 | 2707 |
| <b>Gjennomsnitt</b> | 67    | 58    | 76    | 76    | 34   |

Det har vore ein dramatisk nedgang i gudstenestetilbod for barnehagar og skular i 2020. Det var fullt nedstengt i påska, og før jul var det strenge restriksjonar i området rundt Bergen. Dette ramma skule- og barnehagegudstenester som i hovudsak er knytt til høgtider, desidert mest før jul, men også noko aktivitet til påske. Der ein har gjennomført gudsteneste har ein hatt restriksjonar på avstand/tal på deltakarar/inndeling i kohortar og har måtta ha fleire gudstenester med færre deltakarar på kvar gudsteneste enn vanleg. Vi ser at gjennomsnittleg oppmøte er meir enn halvert.

Det er også verdt å merke seg at det har vore lettare å få til noko for barnehagane enn for skulane. Det har med at det er mindre gruppestorleik og færre barn i kvar barnehage enn i kvar skule. I praksis har ein hatt meir "luft"/mellomrom tilgjengeleg i kyrkjene ved barnehagegudsteneste. Skulegudstenester har tradisjonelt eit snittoppmøte på 170 mot 70 for barnehagegudstenester.

Mange har ikkje kunna hatt tradisjonelle gudstenester med oppmøte, mange gode tilbod er likevel er gjennomført, truleg fleire enn dei som er ført som tradisjonelle gudstenester. Som eit alternativ har kyrkjelege medarbeidarar vitja skular og barnehagar der det var mogleg. Andre har spelt inn gudstenester sjølv, eller med hjelp av elevar, og så distribuert desse til skular/barnehagar for visning der. Rambøll-rapporten for hausten har registrert at 9% har hatt slike tilbod (9 stk – svarprosent 66). Det har vore meir vandringar enn vanleg, til døme der kohortar har vandra til ulike postar/stasjonar, inne eller ute, med plakatar/tablå eller der kyrkjelege medarbeidarar har presentert til dømes juleevangeliet.



Ein del av erfaringane frå 2020 t.d. med vandringar er verd å byggje vidare på. Barn- og unge kan ha blitt møtt meir på deira eigne premisser. Det har skjedd mykje god læring, men det har også vore krevjande for dei involverte partane. Det kan bli vanskeleg å komme tilbake til der ein var i 2019 dersom ikkje kyrkjelyden er tett på i kommunikasjon med skule og barnehage hausten 2021.

### 3.B.4.7 Vern om skaparverket – grønne kyrkjelydar

**Resultatmål : Fleire kyrkjelydar vert grønne kyrkjelydar.**

*Indikator 7: Tal på grønne kyrkjelydar*

| Tal på grønne kyrkjelydar |      |      |
|---------------------------|------|------|
| 2018                      | 2019 | 2020 |
| 34                        | 36   | 37   |

Om ikkje framgangen er stor, er det gledeleg å sjå at talet på kyrkjelyder som er “grønne” aukar litt for litt for kvart år.

*"Ressursgruppe for berekraft: miljø, forbruk og rettferd"*

Björgvin bispedøme har ei eiga ressursgruppe som arbeider med kyrkja si grønne satsing: "Ressursgruppe for berekraft: miljø, forbruk og rettferd". Gruppa består både av ressurspersonar som arbeider i ulike kyrkjelyder («Grønne prostikontaktar») og andre ressurspersonar på feltet.

Eit resultat av gruppa sitt arbeid er mellom anna konferansen «*Conference about Sustainability and Climate in Religion - Challenges and Potential for Society and Schools*» som var arrangert 12. – 14. februar på Høgskulen på Vestlandet i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Kyrkjerådet/ Mellomkyrkjeleg Råd, Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn i Noreg, Det lutherske Verdsforbundet og Al Mowafaqa Institute ecumenical de theology (Rabbat, Morocco). Resultatet frå konferansen er mellom anna boka «*Religion, Sustainability and Education*» (Embla forlag).

## 3.B.5. Rekruttering og frivillig teneste

**Strategisk mål: Fleire finn sinn plass i kyrkjeleg arbeid**

### 3.B.5.1 Frivillig teneste

**Resultatmål 2: Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja**

*Indikator 1: Tal på frivillige*

| 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|-------|-------|-------|-------|-------|
| 12924 | 12732 | 12386 | 12163 | 10005 |

\* *Kjelde: Tal frå SSB*

Registrerte tal på frivillige i Björgvin bispedøme viser ein nedgang på heile 17 %. Nedgangen er jamnt fordelt på gudstenesteplanlegging og -gjennomføring og diakonalt arbeid.

Barne- og ungdomsarbeidet er særleg råka av nedgangen i talet på frivillige. 1665 var engasjert i barnearbeid for barn mellom 0 – 12 år. Det er ein nedgang på 33 % frå 2019. 1447 var i 2020 engasjert

i ungdomsarbeid. Også her ser vi en nedgang frå 2019 på 30 %. Det er naturleg for 2020 då så godt som alt av barne- og ungdomsarbeid vart råka av pandemien i 10 månader.

Om tala gir eit korrekt bilete av livet i kyrkjelydane, veit vi ikkje. Kan hende nokre kyrkjelydar vel å telje med alle på lista sjølv om dei ikkje har vore aktive i år pga pandemien. Andre kyrkjelydar har kanskje bestemt seg for berre å telje dei som har vore aktive i år.

Nedgangen i talet på frivillige knytt opp mot gudstenesta og diakonien er ikkje like stor, med høvesvis 14 og 13 %. Det kan skuldast at det trass alt var fleire oppgåver knytt til gudsteneste og diakoni enn til barne- og ungdomsarbeid i 2020.

Bjørgvin bispedøme har i 2019 og 2020 arbeidd målretta med å revidere «Medarbeidarpermen» frå 2006. Målet er å re-lansere denne i 2021 som ein rettleiar for frivillig arbeid i kyrkjelydane. Eit sentral poeng i den nye rettleiaren er at kyrkja i større grad enn før vert utfordra til å satse på den «organiske frivilligheten», den frivillige tenesta som i større grad enn tidlegare er oppteken av dei ulike talenta frivillige har og kva dei ønsker å nytte sine talent til i kyrkje. Dette i motsetnad til “instrumentell frivillighet” kor kyrkja sine behov og planar styrde kva den einskilde frivillige skulle engasjere seg i.

#### *Vurdering og analyse - vegar vidare*

Det er sannsynleg at kyrkja vil tene på å ha merksemd på den einskilde sine talent framfor å «fylle opp ledige oppgåver». Kyrkja må kanskje i større grad legge opp sitt arbeid slik at frivillige kan kome med sine innspel, tankar og draumar for kyrkja og våre lokalsamfunn. Det er å håpe at dette vil kunne bidra til at fleire vil engasjere seg som frivillige i kyrkja i åra som kjem.

### 3.B.5.2 Barne- og ungdomsarbeid

#### **Resultatmål 4: Tilbodet for unge i kyrkjelydane blir styrka**

##### *Indikator 2a: Tilbod til unge 13 – 17 år, einskildtiltak og kontinuerlege 2020*

|                  | Kontinuerlege tilbod for 13-17 år |      |         | Einskildtilbod for 13-17 år |      |         | Leiarkurs for unge 13-17 år |      |         |
|------------------|-----------------------------------|------|---------|-----------------------------|------|---------|-----------------------------|------|---------|
|                  | 2019                              | 2020 | Endring | 2019                        | 2020 | Endring | 2019                        | 2020 | Endring |
| <b>Bjørgvin</b>  | 125                               | 69   | -45%    | 69                          | 53   | -16%    | 59                          | 51   | -14%    |
| <b>Nasjonalt</b> | 874                               | 619  | -29%    | 471                         | 571  | 21%     | 559                         | 464  | -17%    |

##### *Indikator 2b: Tilbod til unge 18 – 30 år, einskildtiltak og kontinuerlege*

|                  | Kontinuerlege tilbod for 18-30 år |      |         | Einskildtilbod for 18-30 år |      |         | Leiarkurs for 18-30 år |      |         |
|------------------|-----------------------------------|------|---------|-----------------------------|------|---------|------------------------|------|---------|
|                  | 2019                              | 2020 | Endring | 2019                        | 2020 | Endring | 2019                   | 2020 | Endring |
| <b>Bjørgvin</b>  | 40                                | 52   | 30%     | 59                          | 32   | -46%    | 13                     | 19   | 46%     |
| <b>Nasjonalt</b> | 301                               | 269  | -11%    | 195                         | 148  | -24%    | 102                    | 79   | -23%    |

*Tal frå tabell 5.2 og 5.3: Tiltak utover det som vert rapportert som timar i trusopplæringsplanen.*

Det kontinuerlege tilbodet for barn og unge har ein naturleg stopp til sommaren, mens hausten er tida for oppstart og rekruttering av nye medlemar. Sidan konfirmasjonane vart utsett var det høg prioritet å få dei gjennomførte etter smittevernreglane. I tillegg hadde mange kyrkjelydar oppstart av nytt kull. Dei tilsette opplevde dette som ei veldig krevjande tid. Det kontinuerlege arbeidet vart nedprioritert mange stader. Ofte er også det kontinuerlege arbeidet knytt til konfirmantane.

Det var krevjande å halde i gang aktivitetar som er bygd rundt fysiske samlingar, men mange gjekk digitalt. Til dømes hadde Ten Sing på Voss sine øvingar på zoom, og fleire forsøkte nye kanalar for digitalt samvær. Fleire sokn i Bjørgvin var med på Gamingpresten sin konkurranse om å byggja si lokale kyrkje i Minecraft. Vi vil også trekke fram ungdomsarbeidet på Askøy - "ALIVE" som har laga digitale og interaktive show på Youtube, og vore aktive med streaming av gudstenester for ungdom. Dette har gjort at dei har kunne oppretthalde aktiviteten med sine medlemar. Men dei fleste stader har ungdomsarbeidet vore halde på eit minimumsnivå. For å kunne oppretthalde nivået frå føregåande år, så er ein avhengig av å ha ei satsing om hausten. Dette skjedde for dei fleste ikkje i 2020.

### *Vurdering og strategi*

Sidan mange sokn i år, etter bispemøtet si oppfordring, har valt å flytta konfirmasjonane til hausten, så er det grunn til å tru at det vert på same måte i 2021. I Bjørgvin er det veldig få kyrkjelydar som har hatt haustkonfirmasjon frå før, så det vert eit veldig stort trykk på dei tilsette i september/oktober. Det er grunn til å tru at det vil ta litt tid før ein kan tenke at ein samstundes kan satse på kontinuerleg ungdomsarbeid.

Utifrå dette har bispedømet laga eit "leir på hjul" konsept. Vi vil hausten 2021 reise rundt med eit team og ha eit 4 timars opplegg for dei nye konfirmantkulla. Vi har fått gode tilbakemeldingar og mange bestillingar frå kyrkjelydane. Endringane med flytting av konfirmasjonane til hausten gjer at vi må tenkje nytt omkring ungdomsarbeidet og korleis vi kan skapa, og rekruttera til eit attraktivt ungdomsarbeid. Den nye strategien til bispedømet som nyleg vart vedteken, vil hjelpa oss med det. Ein viktig del av denne strategien er å tenka rekruttering til LINK som er ei vidareføring av konfirmanttida, ikkje som eit leiartreningsprosjekt, men kor dei kan koma og berre vera. Der dei ikkje får til lokale samlingar vil vi skape møteplassar på kryss av sokna og prostia. Ungdomsleiarkonferansen "Veikryss" vil bli sentral her. Denne vil vi også freista å knytta barne- og ungdomsorganisasjonane nærare til, i tråd med sentrale føringar.

### *Samarbeid med organisasjonar*

Bispedømet har frå hausten 2020 inngått eit samarbeid med KFUK-KFUM Sogn og Fjordane krins, med tanke på tilbod for ungdom etter konfirmanttida. Det er eit tilskot over 3 år til KFUK-KFUM som nyttar midlane til å fullfinansiere ein prosjektleiar med base i Førde, i Sunnfjord prosti, og saman med fleire kyrkjelege fellelsråd, ei prosentstilling i Nordfjord prosti. Prosjektet vert utvikla i nært samarbeid med prostane i Sunnfjord og Nordfjord. Det er også oppretta god kontakt med kyrkjelydane. Dei held framleis på med kartlegging og behovsanalyse. Covid-19 vil nok prega 2021 også her, og det er tilrådeleg å utsette igangsettinga av ein del nye tiltak til pandemien er mindre påtregande. Bispedømet har ein jamleg og god dialog med prostane og daglege leiarar.

### *Utfordringar i samarbeid mellom lokalkyrkjelyd og organisasjonar*

Tilhøvet mellom barne- og ungdomsorganisasjonane og kyrkjelydane er noko vi har arbeidd en del med i 2020. Det vart aktualisert etter brev frå KA i juni, på bakgrunn av eit utspel frå Ung Kirkesang om større formell sjølvstyre som organisasjon i kyrkjelydane, med tanke på frifondtildeling frå staten. Vi hadde fleire møte med Bergen kirkelige fellelsråd (BKF) med tanke på å utarbeide ein mal for

lokale samarbeidsavtalar. Vi hadde også nokre avklaringar med KA. Eit tema som kom opp, er korleis ein ser på dei tilsettes bruk av arbeidstid, når ein aktivitet skjer i regi av ein organisasjonen - t.d når ein kateket har ei trening for eit KRIK konfirmantlag i ein gymsal på ei skule, eller når ein kantor dirigerer eit kor i Ung Kirkesang, eller reiser på tur med dei. Korleis kan det samstundes som det skjer primært i regi av organisasjonane, verta rekna som noko som skjer i regi av rDnk, og korleis kan rDnk, eller eit fellestråd utøve arbeidsgjevaransvar for noko som skjer i regi av ein annan verksemd? Dette tvisynet er det naudsynt å få greidd ut , slik at vi kan ha tydelege, lokale og konkrete samarbeidsavtalar, innarbeidde i planane i kyrkjelyden. Vi vil saman med BKF arbeide vidare med dette, for kyrkjelydane i Bergen, slik at det kan verta nytta som mal for dei andre fellestråda i bispedømet.

### *Enkelttiltak og leiarkurs*

Nedgangen her er mindre enn ein kunne frykte. Å kunne oppretthalde leiarkurs er kanskje enklare enn kontinuerleg ungdomsarbeid, fordi det er færre deltakarar og dei er meir motiverte. Det er difor enklare å halde kontakten digitalt og kunne samlast i mindre grupper. På same tid kan ein frykte at nedgangen vil følgje det kontinuerlege arbeidet til neste år. Leiarkurs vert ofte rekruttert frå kontinuerleg arbeid.

### *Unge 18-30*

Vi har ei auke på tiltak for aldersgruppa 18-30. Dette skuldast i hovudsak aktivitet to stader. Fridalen har eit samarbeid med student KRIK som ikkje var rapportert i fjor ( 9 samlingar ). I tillegg held satsinga i Ung Katedral St. Jakob fram med ei auke på tiltak og ei auke med faste grupper for unge vaksne. I St. Jakob har ein halde kontakten med medlemmane med digitale gudstenester, kahoot, quiz, og podcastar. St. Jakob er eit samarbeid mellom Bergen Domkirke menighet, Bergen kirkelige fellestråd, Bjørgvin bispedøme og Bergen KFUK-KFUM Ynglingen. Det har i 2020 vore arbeid med ny struktur der ein får eit sterkare eigarskap og involvering av BKF, med tanke på byomfattande arbeid for studentar og unge vaksne. Bispedømet er godt nøgd med at studentprestetenesta er godt integrert i satsinga i St. Jakob.

### *Ungdomsleiarkonferanse og ungdomsting*

Ungdomsleiarkonferansen “Veikryss” vart halden helga 6-8.mars 2020 rett før nasjonal nedstenging. Vi gjennomførte med høg grad av smittevern. Ungdommane kom frå store delar av bispedømet, nokon åleine frå sitt sokn, andre kom fleire frå et sokn, 19 totalt. Alle budde på Montana Vandrarheim. Programmet gjekk føre seg i Landås kyrkje.

Grunna covid-19 pandemien har ikkje det nye ungdomsrådet hatt fysiske møte i 2020. Alt har skjedd digitalt. Dette har vore ein klar utfordring. Møta ber preg av digital trøytt og det har vore vanskeleg å samla oss om saker og engasjement. Trass utfordringar har vi diskutert korleis ungdommane i større grad kan gje sitt preg på ungdomsgudstenesta i kvart sokn. Radikal forkynning og ungdom og rus blei engasjerande diskusjonar. Ungdomsrådet har og hatt ein representant i Bjørgvin bispedømeråd sitt strategi utval.

### *Gudstenester for ungdom*

|                             | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020         |
|-----------------------------|-------|-------|-------|-------|--------------|
| <b>Ungdoms-gudstenester</b> | 366   | 391   | 412   | 399   | <b>254</b>   |
| <b>Deltakarar</b>           | 40677 | 43110 | 47187 | 45687 | <b>15975</b> |

Vi ser også her nedgang. Dette tilsvarer om lag ei avlyst ungdomsgudsteneste i kvar av dei 176 sokna. Det er grunn til å tru at mange av gudstenestene er knytt til konfirmantar som t.d fasteaksjons-gudstenesta som tradisjonelt har vore for konfirmantane og ungdom, og kanskje nokre samtalegudstenester. Sjølv om gudstenestene er færre, så er det interessant å sjå at gjennomsnittleg tal på gudtenestedeltakarar er nesten halvert - Frå 114 i 2019 til berre 62 i 2020. Det kan vera at gudstenesta om hausten ikkje er like obligatoriske som om våren, og dermed færre deltakarar.

Nokre kyrkjelydar har hatt digitale ungdomsgudstenester som ikkje kjem med her. Vi vil særleg trekkje fram Askøy som har halde oppe gudstenestene for ungdom ( G19 ) digitalt. Ungdomsarbeidet Alive laga eigen digital påskenattsgudsteneste med sin eigen musikk og har hatt fleire korte ungdomsgudstenester. Vi vil også nemne St. Jakob som hadde ei Harry Potter-gudsteneste som også vart gjort på oppdrag frå Kyrkjerådet. I St. Jakob har ein og laga søndagspodden -ein podkast for ungdom/Unge vaksne . I Sveio har dei også vært særskilte kreative med å lage digitale gudstenester for ungdom.

### *Vurdering og strategi*

Vi ser eit stort behov for å satsa på gudstenester for ungdom. Vi planlegg eit eige webinar, både korleis den nye gudstenesteordninga kan opna opp for ung deltaking og korleis ein kan få til gode gudstenester for ungdom på kveldstid.

## 3.B.6. Bemanning, presteskap og administrasjon

### 3.B.6.1 Vigslingar

#### **Resultatmål 1: Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka**

##### *Indikator 1: Tal på vigslingar*

Biskopen har i 2020 ordinert to prestar og to diakonar.

### 3.B.6.2 Trivsel i jobben

#### **Resultatmål: Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben**

##### *Indikator 2a: Medarbeidarundersøking*

Grunna koronapandemien har ein ikkje gjennomført den ordinære medarbeidarundersøkinga i 2020.

##### *Indikator 2b: Sjukefråvær alle tilsette*

| Totalt          | %      | 1-3 dagar | 4-16 dagar | 16d - 8 veker | >8 veker |
|-----------------|--------|-----------|------------|---------------|----------|
| <b>Bjørgvin</b> | 4,78 % | 0,24 %    | 1,0 %      | 0,9%          | 2,65%    |

Bjørgvin har sjukefråvær på 4,78 for alle tilsette. Dette er ein liten auke frå 2019.

Vi har eit stabilt lågt sjukefråvær. Dei høgaste tala finn ein i langtidsjukefråværet. Dette skuldast i all hovudsak sjukefråvær som ikkje er arbeidsrelatert, og heller ikkje knytt til covid-19.

Ein kan sjå ein liten auke i fråvær 1-3 dagar og >8 veker, medan det er ein nedgang i dei to andre kategoriane. Totalt ein marginal auke. Auken kan nok forklarast med fråvær grunna koronasjukdom eller –karantene. Dette viser òg at det har vore mindre korttidsfråvær under pandemien, slik ein har sett i samfunnet elles.

### 3.B.6.3 Presteteneste

**Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje**

#### *Indikator 3a: Kyrkjelege handlingar pr prest*

I 2019 hadde vi 53 gudstenester per prest, mot 51 gudstenester per prest i 2018. Talet for 2020 vil ein ikkje kunne samanlikna grunna korona. Mange gudstenester vart avlyste, samstundes som mange gudstenester vart halde digitalt, både med direktestrømming og opptak. Ein har og hatt mange eigne dåpsgudstenester for å sikra godt smittevern samstundes som ein kan gjennomføre dåp. Som ein kan sjå av tabellen under er både talet på vigslar og dåp lågare enn tidlegare. Mykje av dette skuldast utsetingar på grunn av koronasituasjonen. Gravferd er det einaste ein har gjennomført på tilnærma normalt vis, men med nokre begrensingar på oppmøte.

|             | Prestar | Konfir-<br>mantar | per<br>prest | Vigslar | per<br>prest | Grav-<br>ferder | per<br>prest | Dåps-<br>handlingar | per<br>prest |
|-------------|---------|-------------------|--------------|---------|--------------|-----------------|--------------|---------------------|--------------|
| <b>2017</b> | 152,15  | 5 221             | 34,3         | 883     | 5,8          | 4 184           | 27,5         | 4 398               | 28,9         |
| <b>2018</b> | 152,6   | 5 220             | 34,2         | 847     | 5,6          | 4 258           | 27,9         | 4 108               | 26,9         |
| <b>2019</b> | 155,15  | 5 108             | 32,9         | 750     | 4,8          | 4 214           | 27,2         | 4 101               | 26,5         |
| <b>2020</b> | 154     | 4 944             | 28,8         | 558     | 3,3          | 4 189           | 24,4         | 3 465               | 20,2         |

#### *Indikator 3b: Prestedekning*

Vi har i 2020 168,4 presteårsverk. Dette inkluderer også prostar. Av desse er 8,9 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteneste. Det gjev 154 årsverk i kyrkjelydsteneste. I tillegg har vi hatt vakanse i seks stillingar heile året og i fire stillingar store deler av 2020. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar (tilsvarande ca seks årsverk i 2020). I om lag halvparten av dei vakante stillingane har vi hatt faste vikarar. Det har vore ein auke i bruk av vikarar og enkelttenester frå 2018, og dette har auka vidare også i 2020.

#### *Indikator 3c: Utlysing, søknader og tilsettingar i prestenesta*

Vi har i 2020 hatt 20 utlysingar, fem av desse er lyst ut fleire gonger. Totalt har det vore 27 søknader og vi har tilsett 15 prestar.

#### *Indikator 3d: Aldersfordeling og stillingskategoriar*

Tilsette pr 31.12.2020

|                         | 39 år og<br>yngre | 40-49 | 50-59 | 60 + | Totalt |
|-------------------------|-------------------|-------|-------|------|--------|
| <b>Prostar + biskop</b> | 1                 | 3     | 2     | 7    | 13     |
| <b>Prostiprest</b>      | 2                 | 1     | 1     | 1    | 5      |
| <b>Spesialprest</b>     | 4                 | 4     | 6     | 6    | 20     |
| <b>Sokneprest</b>       | 9                 | 23    | 39    | 39   | 110    |
| <b>Kapellan</b>         | 11                | 5     | 2     |      | 18     |
| <b>Totalt</b>           | 27                | 36    | 50    | 53   | 166    |

### Vurdering av bemanningssituasjonen

Bjørgvin bispedøme har høg alderssamansetting på presteskapet. Det er positivt med fleire yngre søkjarar i 2020, men ein må erstatte 2/3 av presteskapet i løpet av 20 år. Frukten av satsinga på grunnrekruttering til studia vil ein måtte tenke seks til ti år fram. Difor har ein ikkje råd til å ta snarvegar, ein må satse langsiktig.

## 3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd

### 3.C.1 I biskopens søkelys

#### *Kvalitetsutvikling på visitasar*

Biskopen har på same måte som tidlegare år nytta visitasane til å leggja særleg vekt på to tema: 1: Gudstenesta, både oppmoding om å laga gode gudstenester, med gudstenesteutval og involvering og oppmoding til kyrkjelyden til å gå. 2: Gjevarteneste der medlemene kan bidra til barne og ungdomsarbeid, diakoni eller kyrkjemusikk etter kva som ligg dei nærast. På visitasen er dei blitt oppfordra til både å arbeida med det praktiske og å forkynna fram gjevarglede.

I 2020 vart fire av sju planlagde visitasar gjennomført i til saman ni sokn der det var 14-17 år sidan sist visitas.

Vår vurdering er at gjeldande mal for visitasar fungerer godt med dei lokale tilpassingar som vert gjort saman med lokal stab, prost og bispekontor og malen er fleksibel nok til at ein kan leggja om programmet i koronatider. Men det er eit ope spørsmål om visitasen fungerer som kvalitetsutvikling når det er 14-17 år mellom kvar visitas.

#### *Strategisk bruk av REU til kompetanseheving med fokus på leiarutvikling*

Våren 2020 gjekk 12 prestar på kurset: «Leiing roller og samspill i menigheten». Etter å ha prioritert og oppfordra til leiar kurs i 2019 vart individuelle søknadar prioriterte i 2020. Dei fleste som fekk innvilga søknad for kurs i 2020 har måtte utsetja eller endra planane, og REU-støtta prosti-turar vart utsette.

### 3.C.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov

| Biskopen sine saker knytt til forvaltning av kyrkjer                 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--|------|------|------|
| Ombygging av kyrkjer – tre saker var knytt til universell utforming. | 21   | 11   | 17   |
| Bygging nærare kyrkja enn 60 m                                       | 7    | 13   | 8    |
| Kyrkjetekstil  | 16   | 11   | 2    |
| Inventar (inkludert liturgisk utstyr og kyrkjekunst)                 | 4    | 9    | 6    |
| Benkar/stolar  | 5    | 6    | 1    |
| Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)                          | 9    | 10   | 4    |
| Andre saker, bl.a. brannvarslingssystem                              | 3    | 6    | 6    |
| Medlemsskap  | 4    | 90   | 1    |

| Bispedømerådet har hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov. | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|------|------|------|
| Omregulering/endring av kyrkjegardar  | 5    | 6    | 11   |
| Fråsegn i saker om bygg/eigedom nær kyrkje eller gravplass                                  | 5    | 5    | 1    |
| Gravplassvedtekter  | 3    | 3    | 3    |
| Fråsegn til kommunale planar og reguleringsplanar   | 16   | 7    | 10   |
| Klagesaker gravferdslov   | 6    | 2    | 5    |
| Minnesmerke på gravplassen (inkl. namna minnelund)  | 2    | 2    | 7    |
| Justering av soknegrensar   | 1    | 2    | -    |
| Ferdigstilling av gravplass   | 1    | 1    | 3    |
| Bruk av kyrkjefond  |      |      | 2    |
| Avhending av eigedom  |      |      | 1    |



# IV: Styring og kontroll i verksemda

---

## Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Bispedømerådet viser til at samla måloppnåing er god, jfr. i del III. Prestetenesta og kyrkjeleg administrasjon nyttar tildelinga godt. Det vert samstundes arbeidd med risikoanalysar for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at vi har nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar og andre kyrkjelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på sikt. Særleg satsing Ungdom 18-30 i Bergen.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgt ytterlegare opp for perioden 2021-2024. Det er utarbeidd ny strategi for perioden. Denne er forankra i ein ganske omfattande prosess hausten 2020

Frå mars 2020 blei det sett krisestab, med to prostar inne i tillegg til stiftsdirektør og biskop. Det vart organisert doble team av krisestab og ressursar rundt krisestab. Det blei etter ei tid også etablert jamlege møtepunkt med prostane der koronasituasjonen og tiltak blei forankra. Etter ei tid valte vi å gå frå kriseorganisering til meir normal drift. Krisestab har samstundes vore rådgjevande for biskop. Det har òg vore tett dialog med Bergen kirkelige fellesråd sin krisestab ved at domprosten var med begge stader, i tillegg til i fylkesberedskapsgruppa. Kontakt med alle fellesråda har vi ikkje klart å etablere, det har vore nokre møtepunkt med styret i kyrkjeverjelaget. Kontakten med fellesråda har vore sikra gjennom prostane.

Hovudmål: Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

## 4.A. HMT/Arbeidsmiljø

### 4.A.1 Arbeidsmiljø

Det overordna målet for arbeidet med Helse, miljø og tryggleik (HMT) i Bjørgvin bispedøme:

*Tilsette i Bjørgvin bispedøme skal ha eit arbeidsmiljø i tråd med AML §1 –1, og som medverkar til at medarbeidarane kan utføre kyrkja sitt oppdrag på en god måte.*

### **Indikator 1: Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme**

*1.1 Trygt og helsefremmande arbeidsmiljø*

*1.2 Verksemda skal vere prega av eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.*

*1.3 Vi har eit arbeidsmiljø med moglegheit for utvikling og trivsel*

*1.4 Vi har eit arbeidsmiljø der involvering og medverknad står sentralt*

*1.5 Vi har eit arbeidsmiljø som tek ansvar når det gjeld vern om skaparverket*

### **Omtale, vurdering/analyse, vegen vidare**

Kyrkja og Bjørgvin bispedøme har, som alle andre, vore i ein unnatakstilstand i store delar av 2020. Stenginga av verksemda, rutinar for smittevern, heimekontor, digitale møte og hyppige endringar i gjeldande rutinar har sett sitt preg på arbeidet og dei enkelte tilsette. Å vera ein trygg leiar, få ut informasjon hurtig, følgje opp og ivareta dei tilsette har vore viktigare enn nokon gong i 2020.

Når det gjeld tiltaka under delmåla er det utan tvil på punkt 1.5 måloppnåinga har vore høgast. Grunna covid-19 har reiseverksemda vore på eit minimum, og organisasjonen har hatt eit kjempeløft når det gjeld digital kompetanse. Digitale møte blei den nye normalen i 2020.

Bjørgvin bispedøme vil halde fram med å inngå HMT-samordningsavtalar med fellestråda i 2021. Dei største fellestråda er det inngått avtale med allereie.

Sjuefråvær er omtalt i kap. 3.B.5.3

### **Indikator 2: Miljøfyrtårn**

Bjørgvin bispedøme vart resertifisert som Miljøfyrtårn i desember 2019.

- Kontorhandboka er digitalisert og blir halden oppdatert
- Arbeidet med miljøfyrtårn etter resertifiseringa er framleis med på å kvalitetssikra arbeidet med HMT

### **Indikator 3: Systematisk HMT-arbeid**

Det er naturleg nok situasjonen rundt covid-19 som har vore i fokus når det gjeld kartleggingar og Ros-analysar i 2020. Ros-analysane har i hovudsak vore utarbeida på nasjonalt nivå, og har til ein kvar tid vore oppdatert.

Medverkinga vert ivareteke ved at det blir gjennomført fire kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Vi har opplevd ein auke i avviksmeldingar i 2020, og dette er ei ønska utvikling.

I Bjørgvin bispedøme har vi tilsette som ikkje anerkjenner kvinners presteteneste. Dette fekk dessverre stort fokus i både lokal og nasjonal presse. Særskilt gjekk dette utover arbeidsmiljøet i Stedje sokn, og

Sogn prosti. Biskopen har hatt samtalar med prestane i prostiet og tilsette i staben i Sogndal. Det er i tillegg iverksett en omfattande stabsmiljøprosess i regi av Arbeidsmiljøsenderet.

Den årlege medarbeidarundersøkinga vart ikkje gjennomført i 2020 grunna situasjonen rundt covid-19.

Vi arbeider kontinuerleg gjennom året med HMT. Prostemøta er ein viktig arena for å etablere ei felles forståing, og prostane er eit viktig bindeledd for å få kunnskap ut til dei tilsette. Samhandlingsmøte og deling av erfaring/kunnskap med fellesrådlinja er viktig på alle nivå i verksemda vår. Parallelt med dette jobbar vi med å halde nettsida oppdatert og relevant når det gjeld lenker og nyttig informasjon som er HMT-relatert.

## Andre tiltak

### *Personalpresten*

Eit viktig tiltak for å betra arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom å leggja til rette for retreat, åndeleg rettleiing og arbeidsrettleiing (ABV).

### *Retreat*

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2020 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat, men fleire av kveldane har 2020 ikkje blitt gjennomført grunna pandemien. Som eit alternativ tilbod har det blitt lagt ut retreatmateriale på nettet og lagt til rette for retreatsamlingar heime hjå den einskilde.

Fleire prestar har i 2020 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstader.

Bispedømet har og i 2020 gitt tilbod om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet, og møtt rettleiarane både fysisk og digitalt Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp. Dei har tilbod om sjølve å gå til åndeleg rettleiing, møtast til fagdag og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av desse tilboda. Dei betyr mykje for motivasjonen og arbeidsgleda til dei som nyttar seg av tilboda.

### *Arbeidsrettleiing (ABV)*

I 2020 har talet på deltakarar i ABV-gruppene i Bjørgvin bispedøme vore om lag det same som året før. Samla har 79 deltakarar tatt del i tilbodet fordelt på 13 ABV-grupper. 61 av deltakarane har vore prestar, ni kyrkjevevjer, seks diakonar, to kateketar og ein kyrkjelydspedagog. Av dei 13 gruppene har det vore:

- sju tverrfaglege grupper
- to seniorgrupper
- to prostegrupper, kor alle prostane har deltatt
- ei gruppe for kyrkjevevjer
- ei gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing

Pandemien førte til eit teknisk og fagleg arbeid med å leggje til rette for ABV-rettleiing på nettet, og i løpet av året har alle gruppene hatt samlingane dels på nettet og dels ved fysisk frammøte.

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta, og før ein får plass i ei ABV-gruppe. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

Fleire har i 2020 meldt at dei ynskjer å bli med i ei ABV-gruppe, og det har det vore arbeidd med etableringa av to nye ABV-grupper med oppstart på nyåret 2021.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg for minst eitt år om gangen, og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

I 2020 har det vore 10 medarbeidarane med arbeidsretteiarutdanning (AVU) i aktiv teneste i bispedømmet. Åtte av dei har leia arbeidsretteiingsgrupper. Dei møtest jamleg til rettleiing på rettleiingsarbeidet dei utfører, og til ein årleg fagdag. På ABV-fagdagen 22. oktober 2020 presenterte 3 av dei masteroppgåvene dei hadde skrive i samband med utdanninga og innleia til samtale.

Godt over ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2020 vore med i ei ABV-gruppe, og det kjem mange tilbakemeldingar om verdien av å delta. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har!

## 4.B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

### *Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2020*

| Tal søknadar | Frå kvinner | Prosent kvinner av dette | Tilsettingar | Kvinner av desse | Prosent kvinner av dette |
|--------------|-------------|--------------------------|--------------|------------------|--------------------------|
| 27           | 13          | 48%                      | 15           | 4                | 27%                      |

I tilsettingane i 2020 var nesten ein tredel av dei nytilsette kvinner. Basert på tala ser vi eit ganske stabilt antall tilsettingar av kvinner samanlikna med menn. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein raskare auke i talet på kvinner i prestestillingar.

### *Prostar*

Bispedømmet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

### *Indikator 2: Kvinneandel i leiarstillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret*

| Bjørgvin                | Kvinner | Menn | Totalt | Prosent kvinner |
|-------------------------|---------|------|--------|-----------------|
| <b>Administrasjonen</b> | 1       | 2    | 3      | 33,33           |
| <b>Presteskabet</b>     | 2       | 9    | 11     | 18              |

Når det gjeld kvinndelen i leiarstillingar i presteskabet og administrasjonen, ligg Bjørgvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Dette inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinndelane i bispedømmet, noko ein har eit tydeleg fokus på.

## 4.C Vurdering av mislighetsrisiko

**Internkontroll:** Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har blitt følgt opp med eit arbeid med å systematisere dette ut frå nye rutinar i det nye rettssubjektet. Mellom anna er det starta eit arbeid med opplæring av prostar og leiarar. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent.

Bjørgvin bispedøme hadde i 2020 ekstra fokus på opplæring av prostane og verneomboda i mellom annan handsaming av varsling og avvik. 2020 har vore prega av kriseleiing ut frå pandemisituasjonen. Vi har hausta nyttige erfaringar og hatt nytte av arbeid som var starta i 2019. Det blei då gjennomført internrevisjon på HMT området, med forslag til tiltak for forbetring og læring.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutiane fungerer etter intensjonen.

# V: Vurdering av framtidsutsikter

---

Bjørgvin bispedøme vil ha god evne til å kunne nå fastsette mål også i åra som kjem. Det er samstundes fleire forhold både i og utanfor eiga verksemd som påverkar i kva grad vi som bispedøme vil kunne utføre vårt samfunnsoppdrag.

Folkekyrkja står sterkt. Sjølv om det skjer endringar som gradvis reduserer oppslutninga om nokre tiltak og om tradisjonen. Kyrkja er viktig for folk, samstundes som det ikkje betyr at kyrkja er høgt på agendaen hos folk flest i det daglege. Likesæle, eller at ein tar kyrkja som sjølvstøtte, er ei utfordring vi som kyrkje må ta på alvor. Det handlar om å ta det offentlege rommet og synleggjere kva kyrkja er, og kva kyrkja bidreg med i samfunnet.

2020 har gjort oss betre rusta til å møte folk på andre arenaer enn dei vi har vore vande med. Dette kan gjere oss betre rusta for å møte nokre utfordringar framover. Samstundes har vi mista dei fysiske kontaktflatene over tid, dei gode vanane, dei gode opplevingane som bind folk til kyrkja og kyrkjelyden. Dette vil det ta tid å opparbeide igjen, særleg med tanke på barn og ungdom som har mist viktige møtepunkt med kyrkja, møtepunkt som skapar relasjonar.

Oppslutning om dåp er det kritisk viktig å følgje med på, og å arbeide systematisk med. Dette handlar om teologi, og om praktiske ting som tilgjenge, men djupast sett handlar det om relasjonen foreldra har til kyrkja, tradisjonen og dåpen i seg sjølv.

Vi vurderer at tilslutninga til konfirmasjonen er relativt stabil og god. Det er samstundes nokre signal om lågare oppslutning. Strategisk satsing på konfirmasjon generelt og konfirmantleir spesielt har ført til god oppslutning og godt omdømme i bispedømet. Dette er og del av langsiktig satsing i forhold til dåp. Vi har tru for at ei god konfirmasjonstid aukar sjansen for at ein seinare vel å døype borna sine. Årskulla som fekk konfirmasjonstida prega av korona-nedstenging vil det vere viktig å følgje opp på ein særleg måte vidare.

Tillit og omdømme vert til i møtepunktta folk har med kyrkja. I kva grad ein føler at ein høyrer til handlar om korleis ein blir møtt, om språk og haldningar. Desse møtepunktta handlar om det som skjer lokalt, men og om korleis ein møter kyrkja i det offentlege rommet, på sosiale media og ulike plattformer. Det er difor viktig å prioritere godt arbeid med kommunikasjon og informasjon på alle nivå i kyrkja. Det å nå ut med alt det gode som skjer på ein slik måte at folk opplever å høyre til, og blir stolt av å høyre til, er vesentleg.

Vi ser av medlemsundersøkinga at vi er ganske gode på følgje opp grøn gruppe, men vi har meir å hente på å lytte til gul gruppe. Fleire gode fortellingar frå 2020 viser at dette er mogleg, når ein legg til rette for det - ikkje berre fordi ein må det av smittevernomsyn, men av omsyn til kva som er god pedagogikk for å møte målgruppa.

Kyrkja sin diakonale profil gjennom gode tiltak og stor grad av frivillig arbeid er noko mange lokale politikarar ser verdien av. I ny strategi for bispedømet vil frivillig teneste og kyrkja si rolle i lokalsamfunnet vere noko vi vil arbeide med å løfte fram og styrkje.

Bjørgvin bispedøme har vore sentral i oppbygginga av Bergen kirkelige dialogsenter, Barnas katedral og Ung katedral St Jakob. Ein arbeider vidare med eit prosjekt inn mot Fana prestegard. Dette er ein del av kystpilegrimsleia, der det òg er ulike prosjekt inn mot Selje, Kinn og Røldal, men det som skil

Fana prestegard frå desse, er at det er bynært og har eit stort potensial for å bli eit stiftssenter som kan vere ein ressurs på både retreatarbeid, pilegrimsarbeid og leiarutvikling for heile bispedømet.

I ei tid der oppslutning om dåp, gudstenester og andre aktivitetar går ned er det avgjerande at ein også vågar å satse på fordjuping. Det er potensiale for å nå ut til ei brei målgruppe ved å fokusere på stille, helse og allmenne ord som alle forstår. Vi tenker kyrkja her har skattar som mange må få del i.

Godt samarbeid mellom dei ulike einingane og nivåa er viktig. Dette handlar om å samordne leiinga mellom dei to arbeidsgjevarlinene, men og mellom dei ulike sokna og fellesråda. Oppgåvefordeling og gode strukturar er òg viktig for å kunne møte utfordringane framover. Her trur vi bispedømenivået har ei viktig rolle å spele framover.

# VI: Årsrekneskapen

---

## 6.1 Leiingskommentarar

### Innleiing

Bjørgvin bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer det nye Vestland fylke. Bispedømerådet er eit folkevald organ, valt etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Rådet sitt formål er regulert i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja §26: Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan gjerast for å vekkja og nærja det kristeleg liv i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeid mellom dei einskilte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet.

Det har blitt lagt ned stor innsats både frå prestar og administrativt tilsette for å gjennomføra lovpålagde oppgåver og realisera mål og strategiar som Kyrkjemøtet og bispedømerådet har vedteke. Trass i utfordringar med rekruttering har det vore forsvarleg geistleg betjening i alle sokn.

Frå mars 2020 blei mange planar endra, men i hovudsak har dette ikkje hatt vesentlege utslag på økonomien knytt til drift. Det har i hovudsak endra innhald i korleis ein arbeider lokalt, og frå bispedømet si side. Det har vore ganske stabilt med tanke på kostnader rundt dei tilsette. Det største utslaget kjem frå reduserte reise- og møtekostnader. Fagsamlingar har vorte avlyste eller flytta over på digitale plattformer. Det vart gjeve eit tilskot til alle tilsette til bruk for å møte situasjonen med heimekontor. Vi hadde allereie i 2019 starta eit arbeid på å ruste opp kontorlokala og utvide kapasitet på digitale møterom. Dette var ferdig februar 2020. Desse kostnadene var tenkt nytta frå mindreforbruk i 2019, men er no tatt innanfor normal drift. I tillegg har ein investert noko i betre digitalt opptaksutstyr og med å auke den digitale kompetansen både i stab og presteskap.

Bjørgvin har hatt mange ledige stillingar og stort vikarbehov. Det har ikkje vore utlysningar på alle ledige stillingar, fordi vi valte å løyse vakansane med vikarar, ofte pensjonistar. Det har vore inne noko ekstra ressursar på HR, og vi ser at det er naudsynt å bygge god kompetanse på HR-feltet. Dette er og del av å styrke administrativ støtte til prostane. Lønnskostnader var budsjettert med kroner 138.129.000, rekneskapen syner 138.117.000. Sjukepengerefusjonen er på same nivå som venta. Det låg inne eit innsparingskrav i budsjettet, men grunna mange vakansar landa lønsbudsjettet i balanse.

Det var planlagt ulike prosjekt der tilskotsmidlar var tenkt brukt i 2020. Fleire av desse blei avlyste eller usett til 2021. Det har vore lagt ned stort arbeid i å gjere gode endringar og tenke nytt med mindre konsept, mellom anna ved å trekke inn «Farmen-presten» Thor Haavik i frikjøp, og arbeid med å utvikle Fana prestegard som kompetansesenter for bispedømet. Dette er forpliktingar ein har gjort, men som vil bli kostnadsført først i 2021, og truleg 2022. Med eit auka akkumulert resultat vil det vere naudsynt å vurdere tiltak som kjem til effekt i 2021. Bjørgvin bispedøme har vore forsiktig på å ikkje ha tiltak som gjev auka faste kostnader. Vi har og vore opptatt av å nytte midlane på tiltak vi trur har god effekt på rekrutteringsutfordringane vi har.

### Vurdering av vesentlege tilhøve

Bjørgvin bispedømeråd har i 2020 hatt til disposisjon totalt kr 213.968.000. Akkumulert mindreforbruket for 2019 var på kr 3.151.000.

Rekneskapen viser eit netto forbruk på 210.137.000. Dette gir eit mindreforbruk (overskot) på kr 3.830.000. Mindreforbruket fordelar seg på kr 2.746.000 i mindreforbruk på drift, og kr 1.084.000 i



mindreforbruk på tilskot. Akkumulert mindreforbruk vil då bli kr 4.234.000 på gruppe 1 - drift, og kr 2.751.00 på gruppe 2 – tilskot.

Det vart gjort fornying av avtalar med sokn og fellestråd om finansiering av presteteneste. Det har vore satsa på ulike prosjekt med samarbeidsstillingar knytt til satsing på ungdom og rekruttering, men opptrappinga får først full effekt i 2021. Det har vore inne ekstra ressurs på HR i delar av året, dette vil bli fast frå 2021. Konfirmantfestivalen Saman har hatt inne deltidsmedarbeidar(ar) og vore eit stort prosjekt i drift, men grunna korona har ein redusert aktivitet og kostnader. Oppstart på dei nye diakonale tiltaka har og vorte noko utsett. Difor har ein ikkje nytta mindreforbruket på tilskot i tråd med vedtekne planar. Det ligg inne forpliktingar, men det vil ta noko tid før ein kjem ajour grunna covi-19.

For Bjørgvin er NAV-refusjonar kr 4.878.887. Det er risiko ved låg rekruttering i form av at kostnader vert auka utan at det løyser dei grunnleggande utfordringane. Låg rekruttering kan og gje eit arbeidsmiljø som i lengda ikkje verkar rekrutterande. Bjørgvin bispedømeråd arbeider mykje med å finne verkemidla som møter desse utfordringane.

Rekneskapen for Bjørgvin bispedømeråd inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og vert revidert av revisjonsfirma Ernst & Young AS.

Bergen, 15. mars 2021



Vemund Atle Øiestad  
bispedømerådsleiar



Jan Ove Fjellveit  
stiftsdirektør

| <b>Rapportering av status 31.12.2020</b>                                |                   |                   |              |
|---|-------------------|-------------------|--------------|
| - formål: å få frem summer og avvik pr budsjettgruppe og pr kontogruppe |                   |                   |              |
|   | <b>Regnskap</b>   | <b>Budsjett</b>   | <b>Avvik</b> |
|   | <b>31.12.2020</b> | <b>31.12.2020</b> |              |
| <b>Budsjettgruppe 1A - Driftsregnskapet</b>                             |                   |                   |              |
| Inntekter   | -2 317            | -2 822            | -505         |
| Tilskudd/varekjøp   | -5                |                   | 5            |
| Lønnskostnader  | 138 117           | 138 129           | 12           |
| Andre driftskostn   | 12 098            | 15 332            | 3 234        |
| <b>Sum budsjettgruppe 1A</b>  | <b>147 893</b>    | <b>150 639</b>    | <b>2 746</b> |
|   |                   |                   |              |
|   | <b>Regnskap</b>   | <b>Budsjett</b>   | <b>Avvik</b> |
|   | <b>31.12.2020</b> | <b>31.12.2020</b> |              |
| <b>Budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *</b>                       |                   |                   |              |
| Trosopplæring   | 42 215            | 42 997            | 782          |
| Diakoni   | 7 848             | 8 320             | 472          |
| Undervisning  | 11 146            | 10 976            | -170         |
| Kirkemusikk   | 160               | 160               | -            |
| Annet (inkl OVF)  | 875               | 875               | -            |
| <b>Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.</b>                                | <b>62 244</b>     | <b>63 328</b>     | <b>1 084</b> |
| * Tilskudd = Koststed XXX5xxx   |                   |                   |              |
|   |                   |                   |              |
| <b>Sum 2020</b>   | <b>210 137</b>    | <b>213 967</b>    | <b>3 830</b> |

| Spesifikasjoner:   |                                     |  |                                  |
|--|-------------------------------------|--|----------------------------------|
|  |                                     |  |                                  |
| <b>Årsbudsjett 2020</b>  |                                     |  |                                  |
| -formål: spesifisere årsbudsjettet i tildelt ramme samt med planlagt bruk av akk. mer-/mindreforbruk |                                     |  |                                  |
|  |                                     |  |                                  |
| Årsbudsjettet og bruk av mer/mindreforbruk   | Tildelt ramme 2020                  | Budsjettet bruk av akk. mer-/mindreforbruk | Årsbudsjett 2020                 |
| Budsjettet under 1A  | 150 636                             | -  | 150 636                          |
| Budsjettet under 1B  | 63 332                              |  | 63 332                           |
| <b>Sum budsjettgrupper</b>   | 213 968                             | -  | 213 968                          |
|  |                                     |  |                                  |
| Akkumulert mer-/mindreforbruk  |                                     |  |                                  |
| -formål: vise "oppsparte midler" for enhetene og endringen i disse                                   |                                     |  |                                  |
| Akkumulert mer-/mindreforbruk  | Akkumulert "beholdning" pr 01.01.20 | Mer-/mindreforbruk 2020                    | Akkumulert "beholdning" 31.12.20 |
| Akkumulert i budsjettgruppe 1A   | 1 488                               | 2 746                                      | 4 234                            |
| Akkumulert i budsjettgruppe 1B   | 1 663                               | 1 084                                      | 2 747                            |
| <b>Sum budsjettgrupper</b>   | 3 151                               | 3 830                                      | 6 981                            |

| Spesifikasjon av Ovf-midlene:                    | 2020     |          |       |
|--|----------|----------|-------|
|  | Regnskap | Budsjett | Avvik |
| <b>OVF</b>                                       |          |          |       |
| Administrasjon - 491                             | -        | -        | -     |
| Diakoni - 492                                    | 155      |          | -155  |
| Barn og unge - 493                               | 445      |          | -445  |
| Gudstjenesteliv - 494                            | 10       |          | -10   |
| Kirkemusikk og kultur -495                       | 95       |          | -95   |
| Samisk kirkeliv -496                             | -        |          | -     |
| Andre fellestiltak (inkl SMM) - 497              | 150      |          | -150  |
| Internasjonale og økumeniske organisasjoner -498 | 20       |          | -20   |
|  |          |          | -     |
| <b>Ovf total (for rapportering til Ovf)</b>      | 875      | -        | -875  |

# Vedlegg

## Gjennomført program for biskopen 2020